

Ungdom i endring i eit postkolonialt perspektiv

Ein studie av korleis fleirkulturell identitet blir framstilt i
ungdomsromanen *Alle utlendinger har lukka gardiner*.

ELLEN KÅRIGSTAD

VEILEDER

Elin Arnesen Moseid

Universitetet i Agder, 2023

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag (nordisk språk og litteratur)

0.1 Samandrag

Denne masteroppgåva undersøkjer fleirkulturell identitet i ungdomsromanen *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) av Maria Navarro Skaranger. Med dette utgangspunktet byggjer oppgåva på sentral teori frå ulike fagfelt. Døme er ulike teoriar innanfor postkoloniale studium og teoriar knytte til språk.

For å kunne svare på problemstillinga har det vore formålstenleg å bruke litterær analyse som metode. Analysen er knytt både til sentrale omgrep innanfor postkolonial teori og språkstudium. I den litterære analysen er det særleg hovudpersonen Mariana og identiteten hennar som har vore i fokus for analysen, men relasjonen hennar til familiemedlemmer og vennar er naturlegvis også viktig. Vidare er miljøskildringar og ungdomsspråket viktige element.

Når det gjeld funna i denne studien, ser vi at måten fleirkulturell identitet utviklar seg på, er avheng av ulike faktorar. Ein viktig faktor er alder og posisjon i samfunnet. Eit spesielt viktig funn er at vi kan sjå ein tendens til at ungdommar, og då særleg hovudpersonen Mariana, bruker det å vere fleirkulturell som ein fordel i det landskapet ho bevegar seg i, medan foreldregenerasjonen tydelegare «heng igjen» i tidlegare fastgrodde mønster og «vedtekne sanningar» ved det å ha fleirkulturell bakgrunn.

0.2 Summary

Summary

This master's thesis examines cultural identity in the young adult novel *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) by Maria Navarro Skaranger. With this in mind, the thesis is based on central theory from various disciplines. Judgments are various theories within postcolonial study and theories relating to language.

In order to answer the research question, it has been appropriate to use literary analysis as a method. The analysis is linked to both central concepts within postcolonial theory and language studies. In the literary analysis, it is especially the main person Mariana and her identity that have been the focus of the analysis, but her relationship with her family members and friends is naturally also important. Environmental depictions and the language of youth are other important elements in the analysis.

When it comes to the findings of this study, we can see that the way in which cultural identity developed depended on various factors. An important factor is age and position in society. A particularly important finding is that we can see a tendency for young people, and especially the main person Mariana, to use the fact of being cultural as an advantage in the landscape in which she moves, while the parents' generation deciphering "hang on" to previously entrenched patterns, and "accepted truths" by having a multicultural background.

Innhald

0.1 Samandrag.....	2
0.2 Summary.....	3
1. Innleiing	5
1.1. Bakgrunn for oppgåva	5
1.2 Val av litterær empiri.....	7
1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	10
1.4 Migrasjonslitteratur i Norden.....	10
1.5 Tidlegare forsking og resepsjon.....	12
2.0 Teoretisk rammeverk	17
2.1 Avkolonisering og postkolonialisme.....	17
2.2 Postkoloniale perspektiv	18
2.2.1 Frantz Fanon og «den kvites Andre».....	21
2.2.2 Edward W. Said og dikotomien «oss og «dei»	23
2.2.3 Homi K. Bhabha og omgrepa «ambivalens», «hybriditet» og «mimicry».....	24
2.2.4 Kultursosiologen Stuart Hall og identitet som konstruksjon.....	29
2.2.5 Gayatri Chakravorty Spivak og minoriteten som ei samansett gruppe	30
2.3 Språk og identitet	32
3.0 Metode	37
4.0 Analyse	42
4.1 Når og kor er teksten skriven?	42
4.2 Korleis belyser sjangervalet identitetskonstruksjonar i romanen?	44
4.2.1 Strukturendringar i danningsromanen.....	48
4.3 Korleis er storstrukturen, personkonstellasjonane og konfliktutviklinga?	51
4.4 Kva for funksjon har den språklege utforminga?	60
4.5 Oppsummerande drøfting av tematikk og svar på problemstillinga	66
5.0 Litteraturliste.....	71

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn for oppgåva

Vi lever i ei tid med auka urbanisering og globalisering. Det inneber folkeflyttingar både innanfor og over landegrensene. Folk, språk og dialektar kjem i kontakt med kvarandre på nye måtar og føresetnadene for bruk blir endra. Det handlar også om utvikling av ny teknologi, t.d. YouTube og Tik Tok og nye tekstkulturar som SMS. Fem millionar landsmenn/kvinner bruker norsk både til utdanning, i arbeidslivet, i media og som styringsspråk. Ny språklov, som blei sett i verk frå 01.01.22, slår fast at norsk skal vere det samfunnsberande språket her i landet. Formålet med lova er å styrkje norsken på alle område av samfunnslivet. Dette har ikkje blitt poengert skriftleg tidlegare. Vi har byrja å tenkje på at statusen til det norske språket ikkje er sjølvsagt. Språket har ein eigenverdi som vi må ta vare på. Skolar, universitet, presse, næringsliv og andre blir inviterte til dugnad for å ta sin del av ansvaret. Kontakten med andre språk gjer at det blir brukt mindre norsk.

Ideen til forskingsprosjektet mitt kom ved observasjon av fleirspråklege elevar ved ein ungdomsskule. Eg underviste, i mat og helse, på 9. trinn, tre klassar årleg, med tre-timars leksjonar. Ved oppstart av leksjonane var det travelt med framvising av matretter. Når det lei mot midttimen, var eg frigjord til andre oppgåver i kantinedrifta. Undervisningsrom, kantine og sentralhall var den daglege møteplassen gjennom det treårige utdanningsløpet. Talet på fleirkulturelle og fleirspråklege elevar auka med åra. Elevgrunnlaget var ofte over middels når det gjaldt ressursar. På bakgrunn av observasjonar og samtalar fekk eg interesse for språk som nøkkelen til integrasjon i skulesamfunnet.

I samband med samanslåinga til eitt Agderfylke la fylkeskommunen fram ein ny regionplan, der levekår er eitt satsingsområde. Målet er at alle elevar over heile fylket skal få like gode tenester. «Forsterkningar av elevtenester i Agder» starta ved skulestart hausten 2022, og blir avslutta i 2026. Ei storsatsing skal hindre at elevar fell ut av vidaregåande skule. Tala for ung utanforskap er høge i Agder. Talet på elevar som fullførte vidaregåande skule i 2020: Agder 81 %, Finnmark 74,9 % (dårlegast), i heile landet 82 %. Rogaland var best med 85,9 % (Agder fylkeskommune, tilstandsrapport). Frå eit samfunnsperspektiv er det store summar å spare på gjennomførte utdanningsløp (Fædrelandsvennen, februar 2022). Ut frå prinsipp om inkludering, likestilling og mangfold er det viktig å leggje til rette for at dei fleste greier å gjennomføre skulegangen.

Parallelt til auka innvandring har utdanningsdirektoratet følgt opp med nye styringsdokument for grunnskolen. Opplæringslova (1998) er retningsgivande for språkpolitikken for

minoritar. Her står det: «Elevar, som har rett til særskild opplæring i norsk, har også om nødvendig rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg opplæring i fag, jf. paragraf 2-8». I ein overgangsperiode har minoritetsspråklege rett til breitt tilpassa opplæring, med mål om å bli flinke nok i norsk til å følgje ordinær undervisning. Det er berre norsk og samisk som har verdi i seg sjølv (Aarsæther 2017).

Stortingsmelding nr. 49 (2003-2004) vektlegg mangfold gjennom inkludering og deltaking: Fleirspråklegheit er ein ressurs (Paragraf 10.4). Det går fram at språket er viktig for kultur og identitet. Alle blir forma og blir sosialiserte som menneske i kontakt med omverda gjennom språket. Kommunikasjon på eit felles språk blir vektlagd, samtidig som samfunnet treng borgarar som meistrar fleire språk. Vidare blir språkkunnskapar rekna som ein viktig reiskap for gjensidig forståing og toleranse i Europa og for opplæring i demokrati. Ungdom med innvandrarbakgrunn kan bli viktige brubyggjarar mellom foreldregenerasjonen og det norske samfunnet ut frå kjennskap både til språket og kulturen til foreldra og norsk språk og kultur.

Læreplanverket (2020) dannar bakgrunnen for undervisningsformer og lærarpraksisar på ungdomstrinnet. Tidlegare læreplanar (M87, L97 og LK06) viser ulik forståing av identitetsomgrepet. For å vise endring av funksjonen hentar eg fram eit utsnitt frå generell del (M87). Der finn eg omgrepet *identitet* knytt opp mot verbet «å byggje»:

Opplevelse av estetiske verdier gjennom ulike former for kunst må være et framtredende trekk i skolen i både hverdag og fest. Skolen må føre elevene inn i vår kulturelle tradisjon og engasjere dem i gjenskapende og skapende virksomhet.

Elevane blir utfordra til å utvikle dei skapande evnene sine i møte med kunstuttrykk: «Dette er med på å bygge opp elevanes identitet». En konstruktiv identitetsoppfatning inneber at ytre forhold bidreg til skapingsprosessen. Formuleringsa konnoterer at identiteten stadig er i endring. Ordvalet «er med på» viser til at fleire forhold bidreg (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1987, s.15-16). Denne typen individuell identitetsutvikling blir dessutan utgangspunkt for å velje ut tilhøyrande skjønnlitteratur i norskfaget.

Frå ei individuell og subjektiv oppfatning, går utviklinga mot å spore den enkelte til å nå felles mål, uttrykt med «en fiksert og historisk basert norsk identitet». Dette meir kollektive aspektet ved omgrepet set verdien av nasjonal identitet i kontekst med demokrati og internasjonalt medvit (L97, generell del) (Kyrkje- undervisnings- og forskingsdepartementet, 1996, s. 15). Formuleringsa «nasjonal identitet» dannar også bakgrunn for utvalet av skjønnlitteratur i planen.

Overgangen til LK06 markerer eit skifte. Eg avgrensar no til det første avsnittet av læreplanen i norsk med deloverskrifta «Formål»: «Norsk er et sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling». I tillegg til eit kommunikativt og språkleg aspekt ved identitet er nytteverdien veklagd, slik vi ser i dette sitatet: «Gjennom aktiv bruk av det norske språket blir barn og unge innlemma i kultur og samfunnsliv og blir rusta til deltaking i arbeidsliv og demokratiske prosessar». I avsnittet med tilhøyrande litteratur er ordet identitet ikkje nemnt (Utdanningsdirektoratet, 2013, s.2). Det positive synet på kommunikasjon og samhandling blir vidareført i det fleirspråklege og fleirkulturelle samfunnet som er ramma for Læreplanverket (2020).

Hilde Sollid undersøkte samsvaret mellom overordna politikk og språkleg mangfald som skulepolitikk i klasserommet ved Øya skule i Tromsø (2019). Ho konkluderer med at læraren er ein viktig faktor i implementeringa av opplæringslova (1998), Stortingsmelding nr. 49 (2003-2004) og Kunnskapsløftet (06). Men sjølv om språkpolitikken går ut på å styrke det norske språket, og samtidig verdsette språkleg mangfald», viser analysen at elevanes røynsler ut over norsk og engelsk har ein utslektning i skulekvardagen.

Instrumentell lesedugleik er ein viktig del av språktilleigninga. I dei siste tiåra har offentlege styresmakter lagt meir vekt på leseevna til ungdom, eksempelvis i form av kartleggingar og bruk av nasjonale prøver. Samtidig er det skapt gode rammer der formidling og lesing av litteratur kan finne sin plass. Forfattarbesøk på skolar og bibliotek, lesekampanjar og seminar, både på papir og på nett, er nokre aktivitetar som motiverer til lesing. Bøker og blad hadde lenge ein sentral posisjon både for underhaldning og kunnskapssøking. I dag er det lesing på skjerm som dominerer hos dei unge. Å lese på skjerm er ikkje eit hinder for formidling av sakprosa, poesi og romanar, tvert imot. Det er likevel ei kjensgjerning at nettlesing blir brukt til spesielle typar tekstar. Lesing av samanhengande verbaltekstar over tid byr på andre kvalitetar som har verdi på fleire område av menneskelivet.

Skarangers *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) speglar samtida på ein måte som lèt alle lag av samfunnet oppleve relevans og representasjon. Karakterane kjem tydeleg fram gjennom språket. Romanen er berekraftig i eit mangfaldig klasserom.

1.2 Val av litterær empiri

Postkolonialisme er ei teoriretning som ikkje primært handlar om litteratur, men har ein vidare kulturell dimensjon (Claudi 2017, s.208). Fleirkulturell litteratur i vår tid spring ut av postkolonial tenking innanfor kulturvitskap, kunst og litteratur. Omgrepet oppstod som ei

motvekt til kolonisering og rommar ein omfattande kritikk av vestleg dominans i verda. Trangen til å hevde eigne interesser vinn fram i kunsten. Det er perspektivet nedanifrå, frå dei undertrykte eller marginaliserte, som blir løfta fram. Dei bortgøynde og fortengde perspektiva blir synlege i form av sjølvstendige, stadeigne bidrag. Diaspora betyr «å spreie» og «å så» frø på gresk. Omgrepet blei gjerne brukt om spreiainga av jødane opp gjennom historia. Tidlegare postkolonialt orienterte forskarar var interesserte i å undersøke korleis ulike former for hybriditet kom til uttrykk i diasporalitteraturen. Medan migrasjon karakteriserer ei stadig pågående reiseverksem, rommar diasporaomgrepet ei busett gruppe, med vekt på identitet og sosial tilhøyrsel.

Januar 2015 gav Forlaget Oktober ut *Alle utlendinger har lukka gardiner* av Maria Navarro Skaranger. Forfattaren er frå Romsås, Grorud bydel, i den nordaustlege delen av Oslo. Ho har fått ei rekke priser for forfattarskapen sin. Hennar første publisering kvalifiserte til Tarjei Vesaas debutantpris (2015). I 2018 kom andre boka, *Bok om sorg (Forteljingar om Nils i skogen)*, med korte forteljingar om tida før og etter eit sjølvvmord. For denne blei ho tildelt Osloprisen i 2018 og EUs litteraturpris i 2020. Ho fekk Bjørnson stipendet i 2019. *Emily forever* er Skarangers tredje roman, der ho skriv om klasse og lagnad ut frå politiske og eksistensialistiske perspektiv. Vidare fekk ho Stemme sakna-prisen i 2022.

Analysegrunnlaget mitt er debutromanen da han er mykje lese og offentleg kjent. *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) fekk mediemarksem av fleire grunnar. Ein grunn var den utilslørte skildringa av kvardagslivet med utlevering av nære, familiære relasjonar. At Skaranger sjølv er sterkt til stades i teksten, gir meldinga eit allmenngyldig preg.

Ho byr på ei ny form for litteratur. I nærlesinga møter vi på den eine sida eit ikkje-litterært førsteinntrykk og på den andre sida skapande skjønnlitterære grep. Autofiksjonen har eit omslag med leopardmotiv som fører tanken inn på sporet til hiphop-kulturen. Utgivinga er meir «blings-kitsch» enn skjønnlitterær (NRK, 29.01.15).

Den litterære ironien forsterkar atmosfæren av fiksjon i ein tekst som nemner fleire faktiske personar ved namn. Ingen verdiposisjon kan berge seg heilt unna komikken. Erna Solberg, Noregs statsminister gjennom åtte år, i tidsrommet 2013-2021, blir omtalt med tilnærma tilvising til generøse matvanar. Nobelprisvinnar Knut Hamsun (1859-1952) får gjennomgå i form av harselering med nazisympatiar. Ein kan spørje seg om Skaranger har gjort eit etisk overtramp i framstillinga av namn gitte, offentlege personar. Teksten som politisk ytring kan for nokon vere ein fare for tryggleiken til den som er omtalt. Andre vil kanskje argumentere ut

frå retten til ytringsfridom. Komikken gir eit forløysande og forsonande inntrykk av alvoret. Humor og ironi kan løyse opp det didaktiske preget som ofte finst i realistisk prosa. Ein diskusjon om grensesetting mellom fiksjon og røyndom skaper refleksjon i det offentlege rommet.

Minorits- og majoritetsdimensjonen blir sett i spel da forteljaren tilhøyrar ein fleirspråkleg familie, der ein av foreldra er født utanfor landegrensene. Ein delvis ny tendens i litterær samanheng er mørkhuda karakterar med tyrkiske og arabiske namn, eksempelvis Isa, Esra og Masood, busett i ein norsk drabantby, i moderne tid. Minoritetar blir gjerne reduserte til ei gruppe med faste historiske og kulturelle forutsetningar som former identiteten ut frå ei essensialistisk oppfatning. Den allvitande forteljaren opnar opp, og ein stor variasjon av forteljingar blir gjort synlege. Transkontinentale område og fenomen blir medierte og omsette slik at lesaren kan kjenne seg igjen. Ei lett distansert forteljarstemme formidlar nye meisterforteljingar der omgrepet «nordmann» blir utdjupa.

Perspektivet til «dei Andre» lèt seg overføre til vår tid. I blokklandskapet dreier det seg om tilnærming til folkegrupper som ikkje tilhøyrar den tradisjonelle majoriteten, til dømes «med blå himmel og fremdeles med julepynten blinkende som diskokule i høyeste blokka, for chipperne ennå ikke hadde fjerna» (102). Konteksten er spesiell, da den homogene kulturen består av fleire folkegrupper, noko dette sitatet støttar: «Det tradisjonelt norske er i Skarangers roman bare en av flere mulige kulturformer, ingen norm» (Vold 2019, s.323). Diasporalitteraturen uttrykkjer seg i ulike sjangrar og nyttar ulike stilistiske grep. Men felles for uttrykk, skapt i diasporaer, er at det er meir komplisert å trekke grenser i livet om kven som er «dei Andre» og kven som er «oss» i ein litteratur som nettopp føreset ei rørsle på tvers av nasjonar. Nyansar i likskapar og forskjellar mellom eit «oss» og eit «dei», mellom «han», «ho» og «meg» kan bli tydelege. Det er mogleg for lesaren å samanlikne ulike blikk, for å utfordre sitt eige føretrekte alternativ. Skaranger løftar fram oppveksten i drabantbyen i aust til forskjell frå tidlegare vestkantromanar. *Beatles* (1984) av Lars Saabye Christensen og *Lillelord* (1955-57) av Johan Borgen kan tene som døme på tidlegare tiders heimstaddikting frå vest. Forteljingar frå bydelar aust og vest for Akerselva står i kontrast, og bidreg til ei betre kalibrering av kven vi snakkar på vegne av.

Det ligg også estetiske grunnar bak val av verket. Ein grunn er rytmen og det poetiske uttrykket. Ein annan grunn er den transnasjonale omforminga av eit skandinavisk språk med innslag av arabiske og engelske ord og uttrykk. Språket er viktig, både som emne, i form av makt og som omarbeida litterært grep i form av identitet.

Ulike språkpraksisar utvidar rommet for å drøfte ein fleirspråkleg identitet. «Sosiokulturell andrespråks lingvistikk inkluderer det flerstemmige og har potensial til ytterligere å inkludere det flerspråklige i tilegnelsen av et andrespråk» (Svendsen i Gujord & Randen (2019, s.100)). Viktig supplement ut frå eit maktperspektiv er Bourdieus lingvistiske marknad. Kjennskap til overskridning og kodeveksling kan klargjere den fleirspråklege praksisen (Gujord & Randen 2018, s. 99).

1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål

Korleis blir fleirkulturell identitet framstilt i ungdomsromanen? Denne problemstillinga skal eg belyse ved å sjå nærmare på desse forskingsspørsmåla:

1. Når og kor er teksten skriven?
2. Kva slags medium og sjanger har vi med å gjere?
3. Korleis er storstrukturen, personkonstellasjonar og konfliktutviklinga?
4. Kva for funksjon har den språklege utforminga?

1.4 Migrasjonslitteratur i Norden

Sejersted forstår migrasjonslitteratur som ein tematisk definisjon av litteratur (her skjønnlitteratur) som omhandlar og tematiserer den kulturelle problematikken som oppstår når eit individ eller ei gruppe frå eit kulturelt område kjem i (varig) kontakt med ein annan, og i utgangspunktet framand kultur (Jørgen Magnus Sejersted 2003, s.80). Ut frå denne definisjonen kan vi seie at Skarangers roman er ein del av migrasjonslitteraturen i Norden.

Skaranger skriv seg inn i ein nordisk kontekst som representerer eit brot med tidlegare tolkingstradisjonar. Aktuelle verk skil seg frå «1800-tallets nasjonsbyggende romaner ved å være kritiske, skyldbevisste og internasjonalt perspektiverte» (Oxfeldt 2012, s.16).

Samtidsforfattarar rettar søkjelys mot den dominerande identitetspolitikken til nasjonalstaten. Dei skriv om undertrykte urbefolkingar og diskriminerte nyare innvandrargrupper. Verka blir kopla til danningsromanen, ein sjanger som gjerne blir knytt til nasjonsbyggjande litteratur (Moretti, 1998). Nyare identitetsformer breier seg nordover. Samanføyande eller overlappende kulturar viser relevansen av postkolonial teori.

For utgivinga av *Det andet dyr: noveller* (1998) fekk Ole Korneliussen Nordisk råds litteraturpris. Forfattaren er født i 1947 på Grønland, og fortel om ein barsk røyndom i heimlandet som del av ein dansk diskurs. Eskimoen tilfører litteraturen ei lun tone i kontrast til majoritetsforfattarar, som kjem tilreisande, frå den danske velferdsstaten.,

Jeff Matthews er født i København, men no busett i Australia. *Halality* (2001) er debutromanen hans. Frå det nære og kjende går forfattaren til astrologien for å gi karakterane namn som Phoensis, Procyron og Antares. Det er eit grep som skaper ei science-fiksjon-liknande stemning. Det spennande ved denne romanen er språket. Forteljaren trekkjer seg heilt tilbake og formidlar gjennom replikkvekslingane som er prega av ein karakteristisk prosodi, henta frå musikken, stakkato. Matthews representerer ved å sjå fenomen på lang avstand, planetært.

Jonas Hassen Khemiri, rettar eit kritisk blikk mot svensk innvandringspolitikk. *Ett øge røtt* (2003) handlar om minoritetar og har biografiske trekk, men Khemiri skil seg frå ei sjølvbiografisk lesing. Romanen handlar om mangfold og toleranse i kontrast til rasisme og framandfrykt. Han har form av multi-etnolekt.

Den no avdøde Yahya Hassan er ein del av den internasjonale migrasjonen til Danmark. I 2013 kom den sjølvbiografisk-inspirerte samlinga *Digte*. Tematikk knytt til vald og minoritetserfaringar blir uttrykt i eit lunt, rytmisk språk, i lyrikkform. Plassen til forfattaren innanfor den danske velferdsstaten endar nærare oppløysing enn i harmoni. Kritikarane omtaler diktsamlinga som ei form for danningsroman.

I Tante Ulrikkes vei (2017) lèt Zeshan Shakar Mo og Jamal representer seg sjølv i førsteperson i over 400 rørande og tankevekkjande sider. Dei to gutane kjende kvarandre frå før oppstarten av forskingsprosjektet «Kartlegging av hverdagen til unge i Groruddalen». Romanen referer til eit møte på Stovner etter at Mo har byrja å studere. Mo blir skulda for å vere overlegen og ikkje helse på den rette måten. Jamal seier: «Du representerer mann», ein kommentar som omfattar anerkjenning for kva Mo har oppnådd. Implisitt ligg også ei påminning om ikkje å gløyme kvar han kjem frå. Sett utanfrå verkar han som ein vellykka representant for innvandrargruppa. Men studenttilværet på ein kvit stad som Blindern verkar truande. Ut frå hans posisjon som framand i Noreg, blir det ei tyngjande oppgåve å representer (Shakar 2017, s.177).

Den postnasjonale romanen skaper gjerne ei «sjangersamanfletting» (Oxfeldt 2012, s.26). Faghistorikaren, Ivo de Figueiredo, koplar familiehistoria si til Vasco da Gamas tid i *Ein framand ved mitt bord* (2016). Forteljinga er ein kombinasjon av sjølvbiografi og historie, matoppskrifter og personlege refleksjonar, ei «familieforteljing». Det nasjonale idealet bestående av eitt språk, ei historie og eitt territorium fanst ikkje. Familiemedlemmene var utan nasjonalstat. Dei opptrer ved å tilpasse seg dei rollene som opnar seg, som butlarar i det

koloniale systemet (58). På eit tidspunkt er dei i ferd med å bli overflødige menneske innanfor imperiet. Dei unge reiser ut for å finne arbeid, samtidig som medlemmene fører kontakten videre. Dei sender lydband, smalfilmar og telefonerer. Sett med Bhabhas blikk kjem uttrykket til syne i mellomromma der kulturane overlappar kvarandre. I vår tid kommuniserer dei på Facebook og på Skype. Verken i det arabiske sultanatet eller britiske protektoratet fanst det rom for ein goanesisk familie. Den einaste moglege deltakinga var gjennom underordning.

Shakar kom med si andre utgiving, *Gul bok*, seinsommaren 2020. Han haustar strålande kritikk for tematiske komponentar som krysspress og kultukollisjonar som følgje av sosiale og kulturelle forskjellar. Andres forventningar til han på bakgrunn av etnisiteten er eit tilbakevendande motiv i boka. Han hintar mot eit tydeleg skilje mellom minoriteten og majoriteten i ei truverdig skildring av Oslo aust.

Romanen *Hør her'a* av Gulraiz Sharif kom ut i 2020. Fordommar, identitet og kjønnskorrigering er tema som blir trekt fram. Boka er i sin heilskap skriven på multietnolekt, krydra med innslag av kebabnorsk og slang. Kodeveksling med oppfinnsame bøyingsformer er ein varietet. Vi får eit innblikk i minoritetskulturen. Ingen menneske, verken dei som tilhøyrar minoritetar eller majoritet, er så einsidige som vi ofte trur. Det blir harselert med det etablerte, både innanfor den norske kulturen og den pakistanske. Ironiseringa bidreg til å ufarleggjere det framande. Ved å byggje ned motsetningar blir det mangfaldige fellesskapet mogleg.

1.5 Tidlegare forsking og resepsjon

Studiar av diasporaer og minoritetar plasserer seg innanfor fleire forskingsfelt med overskrifta postkoloniale studiar. Det litteraturfaglege tidsbiletet er prega av sentrale klassikarar som Fanon, Said, Bhabha og Spivak. Stuart Hall (1996) viser fram perspektiv ut frå aktuell samtid, og bidreg til å forme forståing om folk og litteratur i opposisjon mot ei kolonialistisk historie. Mange har vist interesse for Skarangers *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015), som set ny farge på fagområdet. Resepsjonen viser at teoriretninga er relevant. Eg trekkjer her fram den spesielle mottakinga romanen fekk ved lanseringa. Dessutan refererer eg nokre synspunkt frå dei to forskarane Maïmouna Jagne-Soreau (Edda 2018) og Sara Skarabot Pedersen (UiO, 2016).

Allereie før utgivinga i Noreg blei rettane selde til det danske forlaget Gyldendal. Lise Garsdal poengterte den multikulturelle tematikken, med skildringar av forfattaren sitt eige oppvekstmiljø, og dessutan språket «som Sara Koch har omdannet til en strømlinjeformet

versjon av «perkerdansk», hvor slang, omvendt ordstilling og ukorrekte bøyninger blomstrar kontrollert kreativt. I en rytme som gjør at lesningen får danse» («Politikken» Danmark, 20.01.15).

Også i Noreg vekte utgivinga oppsikt. På bakgrunn av eit intervju, gitt til Bernt Erik Pedersen, kom artikkelen, «Første roman på drabantbynorsk» (Dagsavisen 20.01.15). Det er tydeleg at språket i boka er inspirert av Jonas Hassen Khemiris roman *Ett öge rött* (2003, til norsk i 2005). Også her er eg-forteljaren ein ungdom med fleirkulturell bakgrunn, som brukte eit hybridspråk frå drabantbyane. Det estetiske grepene blir ei viktig inspirasjonskjelde for Skarangers språkval. I eit intervju med NRK Dagsrevyen bruker ho nemninga «multietnolekt» og forklarer at språket i boka er konstruert og overdriven. «Men folk kjenner seg igjen i det. Det er nærmere et muntlig språk blant ungdom, jeg har pleid å omgås, enn vanlig bokmål» (29.01.2015).

I artikkelen «Ei ny viktig stemme» beklagar Brynjulf Jung Tjønn at dette ikkje er den store innvandrarromanen, som mange ventar på. Til det er boka for kort. Handlinga er lagt til Oslo austkant. Han peiker på at skildringa ber preg av kunstferdige antydingar. Den eldste broren, Alvaro, er fengsla, men for kva blir ikkje fortald. «Romanen skiller seg ut ved at den skildrer livet i et hjem med første- og andregenerasjons innvandrere. Språket er dessuten hundre prosent gjennomført på en type mellomnorsk, en slags kebabnorsk, hvor det lånes ord og uttrykk fra andre språk». Den historiske forfattaren auser frå sin eigen fleirkulturelle bakgrunn, og kan på den måten bli ein dørspnar for fleire bøker med ein multikulturell hovudperson. «Romanen har potensiale til å vekke oppsikt og ikke minst fenge unge leser» (VG, 23.01.15), skriv Jung Tjønn. Grunngivinga for at dette ikkje er ein innvandrarroman, er lengda på utgåva. Elles har han mange lovord til debutanten.

Gerd Elin Stava Sandve melder debuten med overskrifta «Boka huns er sjukt lettis» (Dagsavisen 26.01.15). Blikket innanfrå gjer boka spesielt interessant å lese, absolutt ei ny stemme, ikkje minst på grunn av skrivestilen. *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) handlar nettopp om utlendingar. Elevane beveger seg på kryss og tvers av etnisitet, kultur og religion. I kontrast til omtalen i ein festtale er det multikulturelle landskapet kvardagsleg og normalt.

Marta Norheim, litteraturkritikar i nrk.no, melder romanen i artikkelen «Wollah, for eit språk!» (2019) og skriv mellom anna dette: «Når du gir ordet til ein 14-åring, må du halde deg på nivået til ein fjortenåring. Viss boka skal romme meir enn ein fjortis kan stille opp med, må

forfattaren kommunisere med leseren på indirekte vis. Eg ser ikkje at dette skjer her». I staden er romanen ein frisk og sjarmerande rapport frå ein ungdomsskule på Romsås, ein bydel som ikkje dominerer i ungdomslitteraturen. Som på dei fleste andre ungdomsskolar er det også nokon som du må passe deg for, nokon som du må stille opp for, og nokon som du sender varme blikk til. Det handlar om å manøvrere i landskapet. For leseren blir forteljarstemma eit hjelpemiddel for å fortelje oss kva vi ser, og kvar vi er. «Romsås verkar ikkje fullt så ugjennomtrengeleg etter dette». Ifølgje Norheim har Skaranger komme godt frå debuten (Norheim, 2019).

Forfattaren fekk Debutantprisen i september 2015 med følgjande grunngiving frå juryen:

«Skaranger har begått en roman som umiddelbart skilte seg ut som et originalt stykke skrivekunst. Gjennom romanens sterke tematisering av *identitet*, som skrives fram i en levende og presis multi-etnolektisk språkstil, viser Skaranger oss et spesifikt og krystallklart bilde, som utvider og forsterker vår forståelse av hva det norske samfunnet er» (Den norske forfattarforeininga 05.09.15).

Fleire forskrarar har vist interesse for romanen. Eit døme er masteroppgåva med tittelen, «Søken etter «varme kjærleiksblíkken» / «varma kärleksblicken»», skiven av Sara Skarabot Pedersen med Skarangers *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) og *Ett öge rött* (2003) av Jonas Hassen Khemiri (UiO, 2016) som analysegrunnlag. Formålet med oppgåva var å finne ut korleis tematikk, person- og miljøskildringar i dei to romanane, blir prega av språka og kulturdebatten til samtida. Om romanane kan karakteriserast som innvandrarlitteratur, ein påstand som har vore fremja både av kritikarar og medium, skal klargjerast. Dessutan søkte ho svar på om den språklege forma kan karakteriserast som «autentisk» eller «representativ» for ungdommar i fleirspråklege bymiljø. I tillegg klargjorde ho korleis identitetar blir konstruerte og framstilte i personskildringar og tematikk.

Globaliseringa vi har sett dei siste tiåra, har ført til auka språkkontakt. Ungdom i fleirspråklege byrom har eit større repertoire av språklege ressursar, som dei kan veksle mellom. Den språklege forma vitnar om lån av ord frå andre språk, uregelmessig plassering av pronomen og ukorrekt norsk grammatikk. Bøkene blir eit uttrykk for å vere ung og samansett i ei kompleks og samansett verd. Kongslien (2013) viser i forskinga si korleis ein har ein tendens til å lese fleirkulturell litteratur i ein biografisk og dokumenterande kontekst. «Termer som innvandrerroman, migrasjonslitteratur og eksillitteratur er blitt hengende ved forfattere som ikke nødvendigvis identifiserer seg med båsene de er blitt plassert i»

(Kongslien 2013, s.126-127). Khemiri har gitt eksplisitt uttrykk for at det ikkje er snakk om ein sjølvbiografi. Når det gjeld autentisiteten i Halims språk, uttrykkjer Källström det godt når han seier «at syntaksen er et performativt redskap, og at Halims språk er like autentisk som hans fantasier» (2010, s.147). Når det gjeld spørsmålet om autentisk å lese om innvandrarar, eller eit eige innvandrarspråk, er funnet negativt.

Eg forstår «representativ» som ei sannsynleg spegling av den konkrete sanselege verda vi lever i. I Skarangers roman er brot på V2-regelen hyppig brukt, medan dette sjeldan skjer hos Khemiri. Brot på V2-regelen verkar å vere for gjennomført til at språket kan kallast representativt for heterogene bymiljø. Begge romanar har likevel språklege trekk som samsvarer med det forskaren meiner karakteriserer ein multi-etnolektisk stil i Skandinavia.

Tilhørsle, identitet og forelsking er svært framståande tema. Dette kan hengje saman med at begge protagonistane, Mariana og Halim, er i gullalderen for det Erikson (1968) kallar identitetsdanning. Men årsaka til tematiseringa kan også vere kulturmøtet, mellomrommet, det som Bhabha (1994) kallar for «the in-between».

Skandinavisten Maïmouna Jagne-Soreau gir ein grundig analyse av Skarangers roman i artikkelen «Halvt norsk, ekte utlending. Maria Navarro Skaranger ur eitt postnationellt perspektiv». Forskaren utviklar omgrepet postinnvandringslitteratur i avhandlinga si. «Hun tar i tu med det tilsynelatende slentrende og nonsjalante i Skarangers roman og viser gjennom grundig analyse hvordan romanens komposisjon og språk er satt sammen nettopp for å gi et autentisk dagboksaktig preg» (Edda nr.1, 2018, s.12-13, sitert i Vold 2019, s. 322). Midt i syntakskaoset er språket poetisk og nyskapande, samansett, lydmålande, nesten fonetisk transkribert. Som ungdomsspråk generelt også hyperbolsk og utprega metaforisk.

Ein kan lese romanen som ein refleksjon og skildring av ein «postinnvandringsgenerasjon». Det grunnleggjande problemet til forskinga hennar er: Kan (og skal) individ som er halvt norsk og halvt utlending, bli rekna som ekte utlendingar (2018, s. 22)? Forskaren vil vise korleis romanen uttrykkjer ein ny type tematikk, som gir inntrykk av mellomforskapskapet (*the in-between*) som tilstand. Interessant i denne samanhengen er Bhabhas (1994) hybriditet, som byggjer på maktforholdet mellom kolonisherren og den koloniserte. Utanfor den koloniale konteksten kan vi i staden nytte ideen av *between*. Omgrepet mellomforskapskapet tillèt å snakke om den gruppa som verken består av ekte nordmenn eller ekte utlendingar men av borgarar som blir tvinga til å identifisere seg som ein mellomting, blanda, adopterte, andre- eller tredjegenerasjonsinnvandrarar.

Marianas situasjon er ikkje unik. I kvardagen viser elevane til den etniske bakgrunnen sin, eigentleg berre for å få merksemd i ulike tilfelle, og i alle fall alltid innanfor det sterke fellesskapet i klassen. I klasserommet blir ein blandingskultur skapt som går lengre enn multikulturalisme. Denne organiske blandinga blir mogleg fordi dei ulike kulturane i romanen blir skapt av elevar i mellomforskapet med røter frå fleire nasjonar. Kulturelle referansar, som til dømes den norske målaren Edward Munch (91) og Finnmark og samar (80) blir presenterte ut frå fagplanane i norsk, og gir eit grunnlag for felles opplevingar.

Jagne-Soreau avsluttar med å framheve det styrande nasjonsskildrande perspektivet i teksten. Romanen blir kjenneteikna ved «uteblivelse av etnisk specificitet, konstanterandet av kulturell emancipation» med fokus mot det nasjonale fellesskapet. Ho argumenterer vidare for at det blir etablert eit skilje mellom det nåverande bildet av multikulturalisme og the melting pot som Skaranger byr på. Utfordringa ligg i å sjå forbi dei gamle skiljelinjene og sjå på kva som er felles og likt. Romanen knyter den norske litteraturen til ei postnasjonal lesing (2018, s.26).

Tonje Volds lesingar i boka hennar, *Å lese verden. Frå imperieblikk og postkolonialisme til verdslitteratur og økokritikk* (2019), tematiserer makt, motstand og frigjering, nasjonal identitet og rasisme. Ei rekkje antologiar om postkolonial litteratur og teori fremmer eit mangfald av perspektiv og empiri framfor å dyrke fram eitt perspektiv eller konsentrere seg om ein forfattarskap (43). Tilhøvet mellom minoritetsforfattarar og majoriteten er eit poeng hos Wold. Eksotisering av personar med innvandrarbakgrunn, som Kureishis opponerte mot i *Bydels-Buddha* (1993), er framleis til stades i offentlegheita. Ho er også vanskeleg å kvitte seg med. Den insisterande trua på at «stemmer utanfrå» skal kunne seie noko om «oss», hadde motsett effekt ved å skape merkbare barrierar mellom minoritetsforfattarar og den norske litterære institusjonen, antydar ho (Vold 2019, s. 312). Det er mykje å vinne på å lausrive litteraturen frå dei stille sonene som omgrep «innvandrar», «andregenerasjonsinnvandrar» og «fleirkulturell» skapar. Førestillingane vi har om verda styrer blikka våre. Nytteverdien i det litterære mangfaldet ligg i å bli sett og vurdert av andre. Å uttale seg frå ein privilegert posisjon er eit fattigare utgangspunkt.

Masteroppgåva *Utanforskap. En tematisk analyse av språk, grenser og identitet i Zeshan Skakar sin roman Tante Ulrikkes vei* (Bauer 2017) har parallell tematikk.

2.0 Teoretisk rammeverk

2.1 Avkolonisering og postkolonialisme

«Kunnskap er ikke uskyldig, men grunnleggende knyttet sammen med maktens virkemåter» (Foucault 2002 [1969] 37f). Litteraturen blir prega av makkampar som elles går føre seg i samfunnet og bidreg til å uttrykkje desse. Forfattarar evnar å attskape samtida i litterær form. Dei teoretiske perspektiva i litteraturvitenskapen som særleg er utvikla gjennom transkontinentale litteraturstudium, er utvikla i tråd med prosessar knytt til antikoloniale straumdrag og demokratisering etter den andre verdskriegen. Ein viss kjennskap til dei historiske hendingane er derfor ein viktig bakgrunn for forståinga av litteraturteorien. «I århundrene fra 1400-tallet til begynnelsen av 1900-tallet tilkjempet vestlige land seg herredømme over nær 85 % av jordens landareal» (Loomba, sitert i (Claudi 2017, s.190). Europeisk kolonisering av nye område nådde høgdepunktet sitt i tidsrommet mellom 1880 og 1945. Det er bred semje om at 1945 markerer eit skilje i historia, grovt sett. Etterkrigstida var prega av avkolonisering i kombinasjon med ei ny form for imperialisme, knytte til supermaktene USA og Sovjetunionen, nemleg den kalde krigen (Kiely, 2010).

Motstanden mot kolonialismen blei påverka av fleire forhold. Krigen gjorde mange europeiske intellektuelle til flyktningar og migrantar. England og Frankrike hadde leigd inn ei rekke ikkje-europearar som soldatar på imperias side. I koloniane var kolonisubjekta lei av å bli brukti i ein krig som ikkje var deira. Dessutan var imperiemaktene utarma av det erfaringane frå ein verdsdømmeideologi, kunne føre med seg.

I kjølvatnet av avkoloniseringa kom kultursynet til litteraturfaga under debatt. Dei historiske hendingane skapte nye store diasporaer, og intellektuelle frå alle kantar av verda kom i kontakt, på nye måtar. I dei uavhengige statane skapte dei politiske aktivistane nye forteljingar om eigenarten og sjela i nasjonen. Samtidig oppstod forteljingar om kva det vil seie å leve som avkolonisert. Intellektuelle i dei tidlege koloniane granska den vestlege kulturarven, som viste seg å vere eit ueigna utgangspunkt. Heller ikkje marxistisk argumentasjon, viste seg å vere anvendeleg i kampen for avkolonisering. Debattane som følgde, omdefinerte omgrepna nasjon, kultur og verda.

Forut for avkoloniseringa handla diskusjonane om rolla til kulturen i ei avkolonisert verd, og dessutan om kva rolle kulturen betydde for sjølve prosessen. Samtidig gjekk debatten om kva ei avkolonisert litteraturundervisning skulle vere. Det akademiske arbeidet bidrog til å definere den postkoloniale teorien som oppstod (Vold 2019, s.26).

I 1960 vedtok FN *Erklæringa om selvstendighet for koloniland og folk*. Kampen mot ein lang periode med kolonialisme gjekk mot slutten. Ein kan spore kolonialistiske trekk i litteraturen fram til vår tid.

2.2 Postkoloniale perspektiv

«Postkolonialisme» karakteriserer eit område innan litteraturstudia, som det truleg rår minst semje om kva inneber: «Ethvert forsøk på definisjon av postkolonialisme ender i en diagnose, er det blitt sagt. Man er kun enig om dissens» (Moore-Gilbert 1997). Noko av forklaringa ligg i at feltet byggjer på ulike tradisjonar og erfaringar. Eit minste felles multiplum for omgrepene, som rommar ei rekke retningar, er merksemd om relasjonar mellom kultur, historie og makt.

Postkoloniale arbeid viser fram eit verdsbilete der Europa og Vesten blir vurdert som sentrum. Vidare ser ein på koloniane som Vestens motsats, «Vestens Andre». Systematiske studiar undersøkjer korleis litteraturen bidreg til å etablere og å halde oppe eit slikt verdsbilete, i tillegg til korleis tekstar yter motstand mot og prøver å undergrave ei todelt oppfatning av verda.

Det er problematisk om prefikset post i betydninga «etter» karakteriserer eit tilbakelagt stadium i ei kronologisk utvikling. Post kan også bety ei form for motstand som inneber endring og sjølvstende. Den danske formidlaren av postkolonial teori i skandinavisk litteraturvitenskap, Hans Hauge, skil mellom to ulike utgangspunkt innanfor feltet. På den eine sida finn vi ei hovudsakleg australsk retning, som bruker «post» i tydinga «etter». Det vil seie eit studium av litterære tekstar, som er skrive i dei tidlegare kolonistatane, etter opphøyret til kolonitida. Den andre retninga har tyngdepunktet i amerikansk litteraturvitenskap. Ut frå denne posisjonen:

[...] viser begrepet postkolonialisme ikke til noe som kommer etter kolonialismen, men til en forlengelse og en videreføring av koloniale maktstrukturer etter at kolonialismen formelt tok slutt. Ofte med utgangspunkt i poststrukturalistisk teori forsøker denne retningen å undersøke hvordan vestlig makt og dominans videreføres i andre former etter koloniene formelle frigjøring (Claudi 2017, s.191).

Den same Hauge nemner tre ulike teksttypar som egnar seg til ein postkolonial analyse. Den første er dei kanoniske tekstane, som peikar på spor av kolonialistisk tankegods, anten uttalt eksplisitt eller ved utelating av «det imperiale, som alle vidste var der, og som prægede det livet, der blev levet» (Hauge 2007, s.21). Den andre typen er tekstar skrivne i koloniane av dei

koloniserte, anten før eller etter opphøyret til kolonitida. Tekstar, skriven i Vesten av forfattarar med innvandrarbakgrunn, utgjer den tredje gruppa:

Selv om disse tre kategoriene nok dominerer i postkolonialistiske studier, kan i prinsippet enhver tekst - skjønnlitterær eller ikke - underlegges en postkolonialistisk analyse såfremt den direkte eller indirekte målbærer holdninger til eller synspunkter på forholdet mellom Vesten og den øvrige verden (Claudi 2017, s.191).

To hovudretningar utmerker seg innan fagfeltet. Litt forenkla kan vi kalle den første for politisk og den andre for tekstanalytisk. Sjølv om vi kan framheva motsetninga mellom dei to, den politisk aktivistiske og den poststrukturalistiske eller tekstorienterte tilnærminga, er det langt frå eintydig kor grensene går. Gjennom politisk aktivisme har den USA-baserte poststrukturalisten Gayatri Spivak (1988) hatt tyding for representasjonen av underordna kvinner (Vold 2019, s.27).

Poststrukturalismen kom som ei motvekt mot trua på stabile teiknsystem i strukturalismen, som det enkelte teiknet finn si mening innanfor. Inspirert av tradisjonen etter den sveitsiske, lingvisten Ferdinand de Saussure (1916) kom strukturalistane på banen i Frankrike på 1960-talet. Interessa gjeld ikkje berre enkelttekstar, men metoden prøver å kartleggje det systemet som tekstane er ein del av. Saussure la til eit teiknteoretisk perspektiv på den praktiske språkbruken ved å hevde: «at tegnet forstått som et uttrykk med en form- og en innholdsside, en signifikant og et signifikat, får sin mening ved at det er forskjellig fra andre tegn, både formmessig og innholdsmessig» (sitert i Claudi 2017, s.90). Dette forholdet mellom signifikant og signifikat er tilfeldig eller arbitrært. Språket er bygd opp av teikn på ulike nivå. «Enkeltvis har verken bokstaver eller språklyder noen betydning, det får de først når de plasseres sammen med andre tegn etter bestemte mønstre» (Claudi 2017, s.70). Forskjellen mellom lydane, bokstavane og orda er meiningsberande.

Premissleverandøren hevdar vidare at forma til teiknet berre er «den språklige drakten til et innhold som finnes forut for den språklege form»en (Claudi 2017, s.88). I eit slikt perspektiv er forma underordna innhaldet. Det inneber ei førestilling om at det språklege teiknet er knytt til ein fast og stabil ikkje-språkleg mening. Denne utfordringa med lesing av litteratur, som del av eit sosialt fundert teiknsystem, tok poststrukturalistane tak i.

Allereie i 1966, i glansperioden til strukturalismen, løysa den franske forskaren Jacques Derrida opp dette sambandet, i foredraget *Struktur, tegn og spill*, i diskursen til menneskevitkapsen. Han snur ryggen til tanken om at språket byggjer på nærvær og

metafysisk transcendens. Gjennom utvikling av dekonstruksjonen som metode, kom forskinga hans til å danne utgangspunkt for ein meir spesifikk vitskapleg framgangsmåte. I utgangspunktet fatta han interesse for Saussures tankar om språket som eit system av forskjellar, men tek avstand frå eit meiningsinnhald som er gitt på førehand. I staden viser ordet til eit nettverk av forskjellar mellom ord, men aldri til ein annan røyndom utanfor språket.

Vidare delte poststrukturalistane ein grunnleggjande mistillit til at språket kan ha ei fast tydning. Eit verk kan aldri ha eit permanent meiningsinnhald. Ved kvar ny lesing oppstår nye skiftande tydingar. Avdekking av kva for tekstlege samanhengar teksten er ein del av, og framheving av den tekstuelle tydinga av konteksten for tekstmeininga, opnar for nye retningar.

Teoriutviklinga til humaniora på 1980-talet dannar bakgrunnen for ein poststrukturalistisk og tekstorientert postkolonial praksis. Ei viktig innsikt er «at binære opposisjoner er verdiladde og skjuler maktforhold der den ene polen vurderes som den normative, moralske eller logisk prioriterte» (Vold 2019, s.27). Eit kjernekonsept i dekonstruksjonen er oppheving av element som tilsynelatande er motsetningar. Derrida hevdar at omgrepsspara, eksempelvis natur/kultur og mann/kvinne, eigentleg føreset kvarandre. Kulturuttrykk og kulturell representasjon står sentralt i koloniprosessane. Det kunne vere fruktbart å flytte denne innsikta til storleikar som kvit/svart, kolonisherre/kolonisubjekt og Vesten/Austen.

Ein annan viktig leverandør av poststrukturalistiske premissar er Michel Foucault med diskursomgrepet sitt. Han hevdar «at selve kategoriene vi tenker i og organiserer og forstår verden ut fra, [...] alle er konstruksjoner, og at både kategoriene vi opererer med, og grensene mellom dem kunne ha vært annerledes» (Foucault 2002 [1969], s. 67). Ein periode i historia blir homoseksualitet definert som ein sjukdom, som dessutan inneber straff, medan han i ein annan er legalisert. Sjølv om menneskets psyke ikkje er nemneverdig forandra, er den rådande diskursen endra. Oppfatninga av Austen, oppstod og blei til felles førestillingar, ein heilskapleg versjon, ut frå ein historisk og sosialt bestemt diskurs.

Dei teoretiske perspektiva i litteraturvitenskapen har utvikla seg over tid gjennom tematiske og estetiske debattar. Utanom-litterære forhold, som at bøkene er mykje lest og offentleg diskutert, har også spelt ei rolle. Dessutan har forholdet mellom ein forfattar med minoritetsbakgrunn og verket også vore gjenstand for debatt i resepsjonen. Litteraturstudium har gått gjennom fleire fasar, og består av ei rekke ulike syn. Grunnlaget for ein avansert

postkolonial teori, ein teori for vår tid, blir danna på bakgrunn av bruksperspektivet, avgrensa til lokale forhold. Innanfor retninga finst det ei rekke forskarar som formidlar ulike syn. For å diskutere i kva grad tidlegare teoriar har relevans, presenterer eg no dei sentrale teoretikarane Fanon, Said, Bhabha og Spivak.

2.2.1 Frantz Fanon og «den kvites Andre»

Franz Fanons to hovudverk er historisk situerte. I *Svart hud, kvite masker* (1995 [1952]) er han psykiater og fenomenolog og i *Jordens fordømde* (1991 [1961]) er han revolusjonær marxist (Vold 2019, s.125). Læra om fenomena utforskar den subjektive røyndomsoppfatning til mennesket, ei form for medvitsfilosofi, som er intensjonell. Forskaren blir av mange rekna som grunnleggjaren av postkolonialismen som teorfelt (Claudi 2017, s.191).

Fanon blei fødd i 1925 på Martinique som på det tidspunktet var fransk koloni. Han lærte tidleg å identifisere seg med fransk kultur. Ei reise til Frankrike utløyste ei skilsetjande oppleving, da han opplevde å bli motteken som ein framand. Erfaringar med ekskluderinga dannar utgangspunkt for den første boka hans. Her viser han korleis identiteten til den koloniserte blir spalta av kolonialismen. Maktapparatet lærer den koloniserte å verdsetje den kvite kulturen. «Den svarte bekrefter den hvites selvbilde, mens den svartes identitet tømmes og reduseres til noe den hvite tar avstand fra» (Loomba, 2005 [1998] s.124). I essayet *Den levde erfaringa til svarte* (Fanon 2017 [1952] s. 175) forklarer han grunnlaget for rasistiske maktstrukturar. Kroppen er kulturelt og sosialt situert samtidig som han er tydningsberande, ein semiotisk storleik, som skaper mening i samhandling med andre. Ideen om rasisme som eit relasjonelt fenomen blir uttrykt gjennom opplevinga av det gjentekne utropet «Sjå ein neger!» til ei gradvis endring til «Mamma, sjå på negeren. Eg er redd!»

Nègritude-tenkerne inntek ein posisjon som motset seg assimilering på premissane i det franske majoritetssamfunnet. Ein vellykka motreaksjon var å markere ei grense for omsetjing, ved å forme ut sin eigen individuelle subjektivitet innanfor minoriteten. Fanon markerer også avstand til assimilasjon. «Først med aksepten av egen svarthet, en «negerfortid» og «en negerframtid», kan det kanskje være mulig å eksistere i «egen negerhet» (Fanon 2017 [1952], s.194 sitert i Vold 2019, s. 131). Eit stykke på veg er dette ei løysing, men problemet er berre at den såkalla «svarte sjela», slik Fanon uttrykkjer det, er skapt av det kvite mennesket, og det er derfor ikkje ei varig løysing å søkje tilflukt i denne identiteten (Fanon 1997, s. 31).

Hybriditet har ei lada historie, mellom anna knytt opp mot europeisk propaganda om uønskt seksuell aktivitet mellom menneske av ulike rasar. Nègritude-tenkarane gav eit nytt innhald

til eit negativt lada omgrep, gjennom tydninga av å sjå kulturen som flyktig, flytande og samansett.

Referansebakgrunnen til *Jordens fordømte* (Fanon 1991 [1961]) er dei tidlege åra av «den tredje verdas» avkolonisering. Algeries kamp for fridom frå kolonimakta, Frankrike, står i sentrum for historia. Interessa for dei psykiske konsekvensane av kolonialismen er ein del av idégrunnlaget også her. Han beskriv koloniverda som todelt med vasstette skott plassert mellom koloniherren og dei koloniserte: «Sykdommen psykosomatiske forstyrrelser er den menneskelige organismens svar på den konflikt han står overfor – det vil si et forsøk på tilpasning» (Fanon 2002 [1961] s.273).

Forskarar og filosofar har retta kritikk mot undersøkingane hans av rasisme ut frå den levde erfaringa, som blir karakterisert som mikroplan. Sonia Kruks hevdar at «å stadfeste sin identitet er ikke nok for å redde verden». «I utgivelsen av *Jordens fordømte* (1991 [1961]) videreutvikler han arbeidet til å omfatte makroplanet og de historiske prosessene», påpeikar ho (Kruks 1996, s.132).

Normene i samfunnet og politiske føringar skaper undertrykkjande spenningar for dei koloniserte. Men det er ei rådande imperialistisk oppfatning at nærværet til koloniherren er til beste for dei koloniserte, ei framsyning som han trekkjer teppet bort under. Den koloniserte opplever ein nådelaus kamp for å overleve. Det er dei situasjonelle omstenda, som utløyser dei negative eigenskapane, som sidan blir karakteriserte som kjenneteikn ved dei innfødde. Han tek avstand frå førestillinga om at enkelte menneskegrupper blir prega av medfødde eller ibuande eigenskapar. Avkolonisering, og eit fullstendig brot med Frankrike, var einaste løysing på problemet. Forhandlingar om kompromiss på overordna politisk nivå, ville ikkje føre fram. I botnen låg den psykologiske frigjeringa til den enkelte, forbundet med kampen til kolonistaten for fridom.

Fanons teoriar om relasjonelle fenomen, problematikk som handlar om det å vere svart/kvit, er framleis aktuell lesing. Analysar av korleis rasisme fungerer, kan vere ein nyttig bakgrunn i jakta på funn i romanen. Det å vekse opp på Romsås er ikkje nødvendigvis knytt til problem eller kort veg til kriminalitet. Det omgåande inntrykket er at karakterane er gode mot kvarandre. Tilpassingsteorien er likevel aktuell å klargjere i kombinasjon med vitskapleg granskning, uttrykt ved omgrepa «hybriditet», «ambivalens» og «mimicry». Interessant når det gjeld ei framtidig ramme i ei fleirkulturell verd, er førestillinga hans om nasjonalstaten som det naturlege utgangspunktet for identiteten og sjølvkjensla til individet.

Kan tankegangen eller privilegium til ein kolonist kombinerast med opplevd utanforskap i vår tid? Svar på det spørsmålet kan vere mangel på vidaregåande skule for vaksne innvandrarar. Ressurstildeling og etablering av eit 25 meters basseng i sentrum av bydelen, planlagt på 1960-talet, peikar i ei meir nyansert retning.

2.2.2 Edward W. Said og dikotomien «oss og «dei»

Edward Said var av palestinsk opphav. Det var først og fremst forholdet mellom Vestens kristne og Midtaustens arabiske kulturar som stod i fokus (sitert i Claudi 2017, s.194). Grunnlaget for analysane hans er forteljingar, med eit særleg blikk for tekstoppassasjer der det kjem fram mangel på kunnskap om lokale forhold. Hans første bok, *Orientalismen – Vestlege oppfatningar av Orienten* frå 1978, kom på norsk i 1994. Andre utgivingar, avgrensa til litterær interesse, i ein omfattande produksjon, er *The Text, The World and the Critic* frå 1983 og *Culture and Imperialism* frå 1993. Ifølgje Hans Hauge er debutboka «å vurdere som «oppavstekst» for den amerikanske greina av postkolonialismen (Hauge 2007, s.10, sitert i Claudi 2017, s.194). Said poengterer at studiet av Austen ved vestlege universitet bidreg til å reproduse allereie eksisterande førestillingar om austlege kulturar, snarare enn å vise fram ny reell forsking. *Orientalismen* (1978) blir motteken som ei stor forteljing om modernisme, utvikling og opplysning med heile verda som horisont. Studiet viser kva som konstituerte imperiet litterært med fokus mot kulturuttrykk og kulturell representasjon i prosessane. Med innsikt i Michael Foucaults diskurs-omgrep peiker han på

[...] at Vestens kunnskap om og forståelse av Østen ikke er ideologisk eller politisk nøytral, men tvert imot både hviler på og formidler visse verdier, holdninger og oppfatninger knyttet til både Østen og Vesten (sitert i Claudi 2017, s.194).

Han argumenterer for at orientalismen er ein vestleg diskurs som konstruerer stereotypiske bilde av arabisk og islamsk kultur, som igjen etablerer eit maktforhold med eit splitta verdsbilete. Dette gjeld særleg forholdet mellom kristne og muslimske land. Den vestlege kulturen blir prega av kvalitetar som at han er aktiv, sivilisert og rasjonell. Orientalaren verkar annleis og usivilisert og Orienten «som et område som krevde vestlig oppmerksamhet, rekonstruksjon og endog frelse» (Said 2007, s. 226). Denne diskursen var eit resultat av reiseskildringane til europearane, romanar, reportasjar og vitnesbyrd. Den sosiale praksisen blei styrande for kva ein såg og oppfatta, og kva ein ikkje fanga opp, og derfor heller ikkje beskrev. «Kort sagt kan orientalisme bedre forståes som noe som virker hemmende og begrensende på tankevirksomheten enn bare som ren doktrine», påpeikar han (Said 2004, s.54). Kva «røyndommen» består i, og kva folk sjølv uttrykkjer frå desse områda, kjem ikkje

fram. Folk verkar å vere like og tilhøyre eit mindreverdig system. Ved å karakterisere dei andre som framande viser ein at skiljelinja har noko føre seg, samtidig som ein hevdar si eiga overlegenheit overfor «den Andre». Skiljet blei innført like mykje for å definere Europa som for å definere Orienten. Likevel blei diskursen konstituerande for oppfatningane og assosiasjonane til europearane om arabiske og asiatiske land. Med dette følgjer ei inndeling i «oss» majoritet og «dei» minoritet som er på kvar si side av dette skiljet (Claudi 2017, s.194).

Sidan innbyggjarane i Orienten ikkje har høve til sjølv å uttrykkje seg, kan førestillingane til orientalismen reproducera utan nemneverdig motstand. Så lenge folk ved vestlege universitet, med Austen på fagplanen, deler denne forståinga av studieobjektet sitt, samstundes som dei løvvande styresmaktene følgjer opp, og dei politiske føringane held fram, held også inntrykket av eit lite utvikla folk fram. «Gjennom orientalismen blir Orienten til Vestens negative speibilde. Den blir Vestens Andre, definert av Vesten som det som Vesten ikke er og ikke vil være» (siterte i Claudi 2017, s.197).

Said sporar diskursen frå tidleg 1800-talet og fram til si eiga samtid, 1970-åra. Systematiske studiar avdekkjer at diskursen om «den Andre» framleis består. Han får støtte av Fritz Andersen (2010) i at imperieblikket framleis skodar utover verda, vendt mot underutvikla område, der til dømes giftig avfall kan dumpast og monokulturar blir dyrka fram. Vestens Andre har inga stemme hos Said. Den norsk-chilenske forfattaren, Skaranger, leverer ein samtidsaktuell roman frå eit minoritetsperspektiv, der både første- og andregenerasjonsinnvandrarar blir inviterte til å presentere seg.

[2.2.3 Homi K. Bhabha og omgropa «ambivalens», «hybriditet» og «mimicry»](#)

I tradisjonen etter Fanon og Said er det relevant for denne studien å presentere Homi K. Bhabha. Nasjonalstaten er ikkje det naturlege utgangspunktet for tilhørselen til den enkelte, ifølgje den indiskfødde poststrukturalisten. Men førestillinga om den koloniserte som Vestens Andre, ei vidareføring av Saids arbeid, blir viktig for å forstå kulturen og litteraturen til kolonialismen. I motsetting til Fanon og Said, som framhevar kulturen til kolonimakta og dei koloniserte, rettar Bhabha blikket mot det som går føre seg mellom desse to kulturane, i det han kallar «the in-between». I det kulturelle møtet opplever Fanon ei form for undertrykking som får den koloniserte til å forakte sin eigen identitet. For Said fungerer den rådande koloniale diskursen uavhengig og upåverka av den stadeigne kulturen. Premissleverandøren, Bhabha, prøver å avdekkje kva som forstyrrar bildet av to klart skilde kulturar, ved å påpeike ei destabilisering eller utsydeleggjering av sjølvbildet både til kolonisten og den koloniserte. Kolonist og kolonisert påverkar kvarandre gjensidig, hevdar han. På den eine sida vil

samfunnet vere under påverknad av lokale forhold. På den andre sida kan kolonimakta endre det lokale samfunnet, ikkje berre gjennom militær og økonomisk maktbruk, men også ved å tilføre nye kulturelle impulsar og verdiar. Det finst ikkje noko klart og eintydig skilje mellom kolonist og kolonisert. I utvekslingsfeltet oppstår, for det første, ei uvisse om eigen kulturell identitet og tilhøyrsel. Denne uvissa, eller ambivalensen, oppstår når dei klare identitetskategoriane blir bygde ned og gjorde uklare. For det andre er denne utvekslinga mellom kolonist og kolonisert opphav til fenomenet hybriditet. I randsona oppstår kulturelle mellom- eller blandingsformer. Desse hybridformene høyrer ikkje heilt heime verken i den eine eller den andre kulturen, men rommar aspekt av begge.

I essayet «*Signs Taken for Wonders*» (1985) og seinare i *The Location of Culture* (1994) illustrerer han viktige poeng i ei dømeforteljing frå India (1817). Utanfor Dehli møtte kateketen Anund Messeh ei gruppe indarar, som hadde fått delt ut omsette utgåver av Bibelen. Innanfor det britiske imperiet stod teksten sentralt, i eit forsøk på å oppdra lokalbefolkinga i Samveldekoloniane. Men dei bibellesande indarane knytte ho ikkje opp mot britisk makt og overherredømme. Dei oppfatta dei bibelske forteljingane som gitt av ein engel. Dei lokale matvanane var stort sett baserte på plantekost, ein tradisjon som innebar ein kulturkonflikt i høve til nattverdsliturgien. Indarane motsette seg dei kjøttetande rituala til europearane. I møte med kolonisten skapte dei bibellesande indarane sin eigen religiøse skikk.

Da skikken oppstod som ei etterlikning, samstundes som ho var ulik frå det ho etterliknar, var denne ikkje originalen eller identisk med det opphavlege førelegget sitt. Ved både å tilegne seg og å forme om vestlege kulturuttrykk til lokale høve, skapte indarane ei hybrid religiøs form. Hybridforma plasserer seg ikkje eintydig på den eine eller den andre sida av skiljet kolonist-kolonisert, men peikar mot ein ambivalent identitet hos begge partar. Dei indiske kristne er verken heilt vestlege eller heilt indiske. For kolonisten er den nye skikken til indarane ikkje lett å kjenne seg igjen i. Han er heller ikkje heilt framand.

Dømeforteljinga illustrerer dessutan eit anna og meir teoretisk samansett poeng for forskaren, nemleg det han karakteriserer som ein «forskyvning fra symbol til tegn» (Bhabha 2004 [1985], s.162). For kolonistane er Bibelen lada med ei bestemt symbolsk tyding som underbyggjer deira eiga makt. Men denne symbolske tydinga gjeld ikkje for indarane. Konsekvensen blir at Bibelen går frå å vere eit symbol med ei fast tyding til å bli eitt teikn, som kan ha skiftande tydingsinnhald i ulike samanhengar. Forskaren byggjer på den poststrukturalistiske teorien, utvikla av Derrida (1966). Teiknet er prega av eit notorisk ustabilt og omskifteleg forhold mellom form og tydingsinnhald, mellom signifikant og

signifikat. Den kulturelle hybridiseringa tilbakeviste den britiske posisjonen som dei einaste som kunne formidle sann kristendom. For dei bibellesande indarane var Bibelen ikkje lenger eit symbol på den kulturelle overlegenheita og overmakta til kolonimakta. Han var ein tekst som dei forstod og fortolka på sin eigen måte. Dermed hadde den retoriske figuren fått ei anna symbolsk tyding enn den britane forventa og føresette (Claudi 2017, s. 200). Når symbola til kolonialismen mistar krafta si, viser hybridformene at motsetninga mellom kolonist og kolonisert ikkje lèt seg grunngi ut frå naturgitte skilje. Bhabha skriv:

Det som er uopprettelig fremmedgjørende ved hybridens tilstedeværelse – ved omvurderingen av symbolet for nasjonal autoritet til et tegn på kolonial forskjell- er at kulturforskjellene ikke lenger kan identifiseres eller vurderes som gjenstand for epistemologisk eller moralsk overveielse: Kulturelle forskjeller er ikke noe som er der, og som man kan se eller annektere (Bhabha 2004 [1985] s.163).

Når kulturforskjellane viser seg å vere konstruksjonar, er det ikkje lenger mogleg å forstå «det kulturelle» som årsak til konflikten mellom kolonimakta og den koloniserte befolkninga. Den hybride varianten av kristendommen til indarane viser at dei ikkje er heidenske og primitive. Erkjenninga utfordrar oppfatninga til kolonistane av at dei er dei einaste som kan spreie sann kristendom i koloniane. Forskjellen mellom kolonist og kolonisert blir mindre tydeleg. Nedbrytinga av det absolutte skiljet mellom den dominerande posisjonen til kolonisten og dei koloniserte gjer hybriditet-tilstanden subversiv.

At legitimiteten til kolonimakta blir undergraven når dei klare frontane forvirrar, er ein premiss også i eit anna viktig essay, *Of Mimicry and Man* (1984). Her hevdar han at dei koloniserte kan øve motstand på fleire måtar. Dei kan markere ein klarast mogleg avstand til koloniregimet, men også utøve mimicry, det vil seie etterlikning. Når dei koloniserte etterliknar språket, tradisjonane og vanane til dei som har makta, utfordrar ein oppfatninga av at det finst ein naturleg forskjell. Sjølv om det som Bhabha kallar «the mimic man», handlar ut frå eit ønske om å oppnå personlege fordelar hos makthavarane, eller målet er ei medviten destabilisering, vil personen likne utan å vere identisk. «The mimic-man» skaper ein ambivalens, ved å opptre som både den eine og den andre, ei uvisse, som verkar truande.

Diskursen av imperiemakta innskriv eit maktforhold mellom koloniherren og den koloniserte som kan føre til «one of the most elusive and effective strategies of colonial powers and knowledges» (Bhabha 1994, s.85). I essayet *Sly Civility* (1985) presenterer han hybriditet som eit klart subversivt verktøy. Eit døme, i tråd med kva han kallar undergravande åtferd, er

augneblinks-skildringar av vestens self-made-man i *Robinson Crusoe* (Defoe 1719). Etter ti månader på øya lèt Defoe Crusoe skode utover landskapet frå ei høgd. Kledd i laser, tek han lova i eigne hender, opptrer som konge, oppfattar området som annektert, og herskar over kannibalar. Defoes formidling av den nye verda er utan ei avklart haldning til etiske spørsmål.

Den postmoderne romanen viser fram parodien som grep, utan at det inneber ein komisk relasjon, snarare ei etteraping (Hutcheon, 1988, s.57). Bhabha gjorde spesifikke former for *mimicry* og *mockery* til hovudomgrep for å sjå hola i systemet. På sitt ofte tungt gjennomtrengjelege vis definerer han det litterære innhaldet i omgrepet *mimicry*:

Mimicry emerges as the representation of a difference that it itself a process of disavowal. Mimicry is thus the sign of a double articulation: a complex strategy of reform, regulation and discipline, which “appropriates” the Other as it visualizes power. Mimicry is also the sign of the inappropriate, however, a difference, or recalcitrance which coheres the dominant strategic function of colonial power, intensifies surveillance, and poses an imminent threat to both “normalized” knowledges and disciplinary powers” (Bhabha 1994).

Mimicry opptrer som ein forskjell som i seg sjølv er ei form for avvising, basert på makt. På den måten rommar omgrepet ein tosidig artikulasjon. Den koloniserte kan vere både uvillig og trassig i møte med koloniherren. Hen kan markere avstand eller utøve mimicry, det vil seie etterlikning. At denne personen liknar utan å være identisk gjer situasjonen usikker.

Johnny stiller spørsmål om alle som er halvt norske og halvt utlending også kan sjåast på som ekte utlendingar (26). Handlar romanen om utlendingar? Kan vi seie at teoriutviklinga, hybriditet og mimicry, har relevans overført til samtidslitteraturen? I nordisk samanheng nyttar Elisabeth Oxfeldt omgrepa for å klargjere farskarakteren i lesing av Khemiris første roman, *Montecore: en unik tiger* (2006). Tittel på romanen refererer til tigeren som drap temmaren sin i Las Vegas i 2003. Tigeren er ein allegori for den tunisiske fotografen som innvandra til Sverige og prøvde å passe inn i ein kvit kontekst. Den doble artikulasjonen mellom det ville og det trenede, å seie imot eller å tie stille for å kamuflere seg, går fram. Det er viktig å passe inn, å integrerast gjennom å forsøke å beherske språket, forstå tradisjonen og herme etter majoriteten (Oxfeldt 2012, s. 230-282).

Marianas generasjon hevar seg over dette nivået, men farskarakteren kan gi opphav til ei postkolonial lesing. Språkdiskusjonen mellom Isa og Ibra kan også vere aktuell (10). Begge eksempla illustrerer kor viktig det er å beherske språket.

Nasjonen har ein dominerande historisk posisjon i teoriutviklinga som omhandlar transnasjonal litteratur og globalisering. Benedict Anderson skriv om litteraturhistoria og tydninga av romanen for utvikling av nasjonale fellesskapskjensler på 1700- og 1800-talet. Eitt av fleire viktige bidrag til den nye forståinga av nasjonen, mot slutten av førre hundreår, er utgivinga av *Forestilte fellesskap* (1983). «Andersons nasjon tar karakter av å være et «forestilt fellesskap» som avhenger av at subjektene identifiserer seg med hverandre, til tross for at de er fremmede og skilt geografisk» (sitert i Vold 2019, s. 285).

Bhabha byggjer vidare på Andersons teoriar om nasjonen som eit lim som skaper band mellom framande innanfor ei ramme. Han poengterer at livet til den enkelte blir føresett å vere ein del av ei større felles nasjonal forteljing. Men i ei globaliseringstid vil enkelte individuelle historier ikkje passe inn i den overordna nasjonal-pedagogiske ramma. For å skape moderne fellesskap er det viktig at også supplerande forteljingar blir inkluderte. «Han ser nasjonen som noe som skrives fram, og dekonstruerer forestillingen om nasjonen som en helhetlig og koherent fortelling» (1994, s.201). Den einskaplege forteljinga vil bryte med andre avvikande forteljingar. Både Bhabha og Anderson bidrog til å føre den postkoloniale teorien inn i eit postnasjonalt spor.

Nye førestillingar om verda trer fram, og skaper nye skiljelinjer og fellesskap. I ei tid med folkevandringar har antropologen Arjun Appadurai eit samfunnsvitskapleg perspektiv. Han beskriv samfunn som stadig overskrid ideen om ein felles nasjon innanfor ei ramme. Teknologiar, som formar tilhørsfellesskapet i vår tid, er massemedia og dei levande bilda (Appadurai 1996, s. 21). Det skjer ei vidareutvikling frå Andersons teori om førestilte fellesskap til førestilte verder, «imagined worlds». Samtida er ikkje nasjonal, men postnasjonal (Appadurai 1996, s.35). For Appadurai vil førestillingar seie ein type sosiale praksisar som vi gjer saman med andre. Førestillingane kan skape fellesskap, men også utfordre dei, det vil seie rørsler i retning av homogenisering og i retning av heterogenisering. Ifølgje Bhabha handlar spenningane om stadfesting av erfaringar, det vil seie ei form for inkludering og ekskludering (Bhabha 2002, s.2).

Enkle kategoriseringar av klasse og kjønn fungerer ikkje i senmoderniteten. Forskaren meiner at vi bør rette merksemda mot dei ulike subjektposisjonane. Opphav og det eigentlege er ikkje lenger utgangspunktet. Vi må rette fokus mot kva som skjer når kulturforskjellane blir artikulerte. I postkoloniale studiar trekker han fram grenser og kulturelt mangfold. Forskjellane må uttrykkjast og med det blir spørsmålet aktualisert om kva som er gyldig og relevant kunnskap, og kva autoritet han skal tilleggjast: «cultural difference is the process of

the enunciation of culture as knowledgeable, authoritative, adequate to the construction of systems of cultural identification» (Bhabha, 1994). Dei transkulturelle blandingsformene, dei hybride uttrykka, kjem fram i mellomromma. Det er i sjølve kulturmøtet at dei kulturelle forskjellane inviterer til identifikasjon. Det relasjonelle vilkåret vil seie at subjektet må sjå seg sjølv i høve til andre og dermed kjem i rørsle. Prosessen går føre seg i liminaliteten, der forskjellane blir synlege.

2.2.4 Kultursosiologen Stuart Hall og identitet som konstruksjon

Stuart Hall diskuterer nye framsyningar når det gjeld identitet, rase og etnisitet frå eit kulturelt perspektiv. I essayet *Cultural Identity and Diaspora* (1996) opererer han med ei form for stabil og vedvarande referanseramme for folk med felles historie og aner. Men identiteten er ikkje ein essens som lèt seg overføre frå heimlandet. Vidare tek han til orde for ei førestilling om identitet som lever med og gjennom, ikkje trass i, forskjell:

Svarte mennesker som lever i diaspora, oppfinner seg selv ved å blande og hybridisere påvirkning fra Afrika, Europa og resten av verden i hverdagen og kulturell praksis. Det er snakk om en mangfoldighet av forskjellige kulturelle identiteter som deler både viktige likheter og viktige forskjeller, som alle må respekteres.

Hall framhevar identifikasjon som ein prosess der ein artikulerer, sammenføyer og gjer forskjellar som aldri heilt lèt seg viske ut, tydelege (Hall 1996, s.4). Han poengterer at kulturell identitet er knytt til «becoming» og ikkje «being», og at han blir til i ein kontekst (1996, s.111). Det dreier seg om å skape ein tradisjon for kva ein kan bli, meir enn om kven ein er eller kvar ein kjem frå, «not the so-called return to roots, but a coming-to-terms with our routes» (Hall 1996, s.4). Fleire av bidragsytarane til Khans bøker framhevar kor overraskande det er å komme «heim» til stader, som har eit meir avslappa forhold til islam, der religionen er ein del av kvardagen, ikkje del av ein kulturkamp. Dette kan tyde på at den identiteten, som dei omfamar «heime», ikkje er overført frå heimlandet, men er ein identitet som dei sjølv har produsert: “Not an identity grounded in archaeology, but in the re-telling of the past” (Hall 1996, s. 1-17).

Den postkoloniale teorien gav ein ståstad for å undersøkje kva som blir rekna som mannleg eller kvinneleg, kvitt eller svart. Arbeid i koloniane var ein mannleg diskurs. Kvinneleg deltaking i ulike roller blei ikkje fremja i tilbliingshistoria. Eit imperialistisk eller patriarchalsk tankesystem skapte spenningar og undertrykkjande forhold.

2.2.5 Gayatri Chakravorty Spivak og minoriteten som ei samansett gruppe

Medan Bhabhas hybriditets-omgrep resulterer i meir komplekse identitetar enn berre kolonist eller kolonisert, er den innfødde som informant for vestleg teori eit viktig tema gjennom Spivaks karriere. Som førstegenerasjonsinnvandrar frå India skrev ho verka sine i tilknyting til amerikanske universitet. Fjernt frå røyndommen i «den tredje verda» vann den meir tekstorienterte teorien fram rundt 1990. Ho har bidrøge med sentrale tekstar for utvikling av feltet for postkoloniale studiar og feministisk mobilisering.

Med utgangspunkt i forteljingar frå dei tidlegare koloniane drøftar ho kva for plass dei koloniserte har i europeisk litteratur. I sentrum for merksemda står korleis dei vestlege intellektuelle handterer tekstproduksjonen. Ho skriv «at så vel den kolonialistiske undertrykkinga som analysen og omtalen av denne ofte konstruerer enhetlige kategoriar og gruppeidentitetar når de kolonialiserte eller marginaliserte omtales» (Spivak, sitert i Claudi 2017, s. 203). Ein overser at også dei, som er marginaliserte av vestleg kolonialisme, er ei samansett gruppe, som ikkje nødvendigvis delar dei same erfaringane, interessene og måla. Framfor alt tar ein ikkje omsyn til kjønnsperspektivet. Dei vestlege akademikarane står i fare for å gjenta den kunnskapsteoretiske valden som kolonialismen utøvde. Kritikken blir retta mot «å bedrive en slags intellektuell imperialisme, ved å bygge sine postkoloniale teorier på vestlig teoretisk tankegods, og dermed diskvalifisere de koloniserte fra å tale for seg selv» (Spivak 2009 [1988]).

Dette er bakgrunnen for den kjende artikkelen hennar «Can the Subaltern speak?» (1988), som stiller spørsmål om dei «underordna» kan snakke. Med dei «underordna» meiner Spivak dei menneska som lever i koloniserte eller tidlegare koloniserte område i skuggen av det lokale maktapparatet, utan høve til å fremje eigne interesser. Sjølv om dei stemmelause ikkje er stumme, blir svaret på dette spørsmålet nei. Den intellektuelle eliten i koloniane kan fremje eigne saker, men det same gjeld ikkje «den allmenne ikke-spesialisten, den ikke-akademiske befolkningen over hele klassespekteret [...], menn og kvinner blant de analfabetiske småbøndene, stammefolkene, de laveste lagene av det urbane underproletariatet» (Spivak 2009 [1988], s. 61).

Kritikken blir retta mot dei første akademikarane. Akademikarane meiner at dei står utanfor eit imperialistisk tankesett. To forhold er årsak til dette. Ei side av saka er asymmetrien basert på maktforholdet mellom dei vestleg-orienterte intellektuelle og den subalterne.

Akademikarane kjenner dei historiske og sosiale omstenda til dei marginaliserte, og kan derfor uttale seg på deira vegne. Dei opphevar seg til nøytrale kunnskapsformidlarar, utan å

innrømme at også dei sjølv er ein del av ein historisk og sosialt fundert kontekst. Spivak poengterer at når «de representerer dem, representerer de intellektuelle seg selv som gjennomsiktige» (Spivak 2009 [1988] s.48). Ut frå den europeiske diskursen stansar den subalterne å vere eit sjølvstendig subjekt, men blir til eit objekt som kan studerast. Ved å konstruere ein skikkelse som får status som «den Andre», den som ikkje er ein sjølv, blir ein overgang iscenesett frå vestleg dominans i kolonitida til kunnskapsinstitusjonar i Vesten. Den (vestlege) intellektuelle må avlære seg sine eigne privilegium, meiner ho. Ei gjentakande omsetjing av «den Andre» inn i sitt eige språk, tankemönster og forståingsapparat kan i motsett fall bli konsekvensen. Stemma til kolonisubjektet er tapt for alltid.

For det andre bidreg dei vestleg-orienterte akademikarane til å oppretthalde tausheita til dei subalterne, ved å hevde at språket deira dekkjer over ein essensalistisk dagsorden. Det vil seie ein hypotese om at nokre mennesketyper er slik eller slik. Det finst felles eigenskapar, erfaringar og interesser som kjenneteiknar dei koloniserte. Ein forstår handlingane til den enkelte som uttrykk for interessene, haldningane, verdiane osb. til ei gruppe. «De subalterne tvinges inn i en vestlig definert kategori, og fratas dermed muligheten til å definere seg selv», noko som er ein framgangsmåte som Foucault karakteriserer som epistemisk vald (Spivak 2009 [88], s.64, sitert i Claudi 2017, s.205).

Ho hevdar vidare at den postkoloniale diskursen er grunnleggjande mannleg. Det finst belegg for at både menn og kvinner deltek i motstanden mot kolonimakta. Men i den historiske tekstoproduksjonen er mannen den dominerande parten: «Det finnes ingen plass fra hvilken det kjønnede, underordnende subjekt kan tale», (Spivak 2009 [1988], s.101). Når den underordna ikkje har ei historie og heller ikkje kan tale, «er den underordnende som kvinne enda dypere begravd i skyggen», skriv ho (Spivak 2009 [1988], s.68).

Systematiske studiar gir eit historisk perspektiv på multikulturalisme, samtidig som dei skaper forståing for dagens globale situasjon. Det blei viktig å klargjere kva som konstituerer kolonialismen og imperiet litterært. Her har hennar postkoloniale og interseksjonelle perspektiv vore sentrale. *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) viser fram den moderne tida vi lever i. I utgangspunktet kan ungdommane stå fram som ein einskapleg storleik frå eit lesnadsperspektiv. Analysen opnar for ulike moglegeheter. Ei rekke ulike stemmer synleggjer eksepsjonelle, individuelle karakterar, mediterte gjennom ein hovudperson. Ei open haldning til samspelet innan minoriteten kan også vere eit utgangspunkt. I tilknyting til tentamensoppgåva med tittelen «Typisk norsk», poengterer mora at «du må være forsiktig med å gre alle under en kam» (88).

I den klassiske litteraturen, skiven i stordomstida til imperiet, med store rikdommar, var det underkasting som gjaldt. Imperiet fungerer ved å tilsløre forskjellar og nyansar gjennom å skape migrerande metaforar. Ein kontrast i historia er koloniherran som vil lære den innfødde å snakke (og skrive), medan antiimperialisten, hundre år seinare, vil gi den innfødde ei stemme (Spivak 1999, s.187). Sjølv snakkar ho frå innsida av ein kultur, som ho har lært av imperialisten, men ho held på retten til å la vere å røpe kva dei utvendige nemningane rommar. «Gjennom en slik tilbakeholdenhet blir den marginale ikke bare et offer, men også en aktør», påpeikar ho (Spivak 1999, s. 190). Vi skal sjå om tittelen *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) symboliserer ein tilbakehaldande aktør. Analysen vil vise om påstanden rommar eit innhaldsmessig hinder for det fulle innsynet i majoritetssamfunnet.

Dei teoritunge utlegningane om diasporakultur skaper engasjement hos forskrarar. Spivak åtvarar postkoloniale kritikarar mot bruk av postkolonial teori til å klargjere hybriditet og minoritetskultur i vestlege diasporasamfunn. Utvikling av ein såkalla elite-postkolonialisme kan skyggje for manglande engasjement i kulturuttrykk globalt. Ei slik utvikling kan bidra til å halde oppe eit allereie eksisterande skilje. Den «kan virke som en strategi like mye for å differensiere mellom en selv og «rase-underklassen», som for å tale dennes sak» (Spivak 1999, s. 358 siterte i Vold 2019, s.332). Ho peikar vidare på at det er uklart om litteraturen lærer bort noko. «Det er en fare for at litteraturen leses på måter som gjør det mulig å distansere seg» (Spivak 1999, sitert i Vold 2019, s. 332).

Avkoloniseringa og deretter den postkoloniale kritikken førte med seg viktige perspektivskifte. Bhabhas utvikling av hybridformene utfordrar førestillinga om faste kulturar og identitetar. Det teoretiske rammeverket fungerer som innvendingar mot etablering av ein nasjonal litterær tradisjon i opposisjon til den vestlege imperialistkulturen (Claudi 2017, s.199). Spivak på si side rettar spørsmål til forfattarar og forskrarar, om dei kan representera marginaliserte Andre, gi ei stemme til dei stemmelause, eller snakke på vegne av dei underordna (Spivak 2009).

2.3 Språk og identitet

Forståinga av identitetsomgrepet har endra seg over tid. For å kunne gi eit korrekt bilde av korleis situasjonen er i dag, er det nødvendig å hente inn kunnskapar frå fleire fagfelt. Sosiokulturelle lingvistikkteoriar kan vere nyttige for å klargjere etablering av identitet(er). «Å tilegne seg et andrespråk vil si å lære et nytt språk etter at førstespråket er utviklet i løpet av de første leveårene – i forskjellige livsfaser, i ulike læringsituasjoner og med varierende utgangspunkt» (Kulbrandstad og Ryen, 2019).

Stadig fleire menneske lærer nye språk. Dei bruker språk i nye settingar, nye situasjonar og nye sjangrar. Tidlegare var det vanleg å rette forskarblikket mot homogene grupper med formell undervisning som bakgrunn. Utgangspunktet var meir statiske brukssituasjonar. Dei lærte seg eit internasjonalt framandspråk for å førebu seg til ferieturen. Andre motiv kunne vere arbeid eller studiar.

Globalisering, teknologisk utvikling og transnasjonal mobilitet har ført til store endringar. Parallelt går utviklinga i ein stadig skiftande informasjonsflyt som moderne teknologi har gjort mogleg. Den internasjonale gruppa The Douglas Fir Group (2006) presenterer ei grenseoverskridande tilnærming til forskinga på det å lære eit andrespråk i ein kompleks og dynamisk røyndom med mange involverte disiplinar. Aspekt i denne samanhengen er tileigning av eit nytt språk etter at førstespråket er etablert (barn, ung, voksen), ulike situasjonar og ulike føresetnader og nivå. Innsikt i kognitive, sosiale og emosjonelle sider ved tileigninga føreset eit tverrvitskapleg perspektiv. Forsking og teoridanninga er ein del av fagfeltet fleirspråklegheit.

Forsking på SLA (second language acquisition) har i stor grad hatt eit psykolingvistisk eller ei lingvistisk kognitiv tilnærming (Golden, Kulbrandstad & Tenfjord, 2007; Myles, 2013; Ortega, 2014; Thomas, 2013). Forskarane har retta søkjelyset mot dei språklege og kognitive prosessane. Det kan vere utvikling av fonologiske, grammatiske og leksikalske mønster i målspråket eller tydinga av dei erfaringane innlærarane får under tileigninga, ved ytringar dei møter i tale og skrift, ytringar dei sjølv produserer, eller verbal interaksjon med andre språkbrukarar. Sosiale og kulturelle aspekt har avdekt kva for læringsløyper innlærarane følgjer, eller korleis førstespråket verkar inn på tileigninga av andrespråket?

Nyare tonegivande forsking gir supplerande inngangar til den tradisjonelle lingvistisk - kognitive retninga. Bente Ailin Svendsen (H. Gujord & Tveit Randen, 2019) forskar på fleirspråklegheit hos individet og i samfunnet. Ho gjer greie for sosiokulturelle og sosiolingvistiske tilnærmingar til korleis eit andrespråk blir lært. Ho lener seg på Myles forsking (2013). Han opererer med tre teoretiske «familiar» innan fagfeltet. 1) Den lingvistiske utforskar det språklege systemet hos innlæraren, 2) den kognitive byggjer på den psykolingvistiske dimensjonen og 3) den interaksjonelle, sosiolingvistiske og sosiokulturelle familien. Det er tankegangen bak den sistnemnde som Svendsen fører vidare i arbeidet sitt..

Språkvitskapen er prega av motsetningar mellom fleire teoretiske retningar, til dømes ein formell lingvistisk eller ein sosiolingvistisk tradisjon. Er språket primært eit naturfenomen

med ibuande strukturar og mønster? Eller er det eit sosialt produkt – eit resultat av samhandling? Ulike føresetnader krev ulik tilnærming og val av metode. Hårstad, Lohndal & Mæhlum (2017) gjer ein grundig gjennomgang av teoretiske funderingar i lys av allmenn vitskapshistorie. Inndeling i hovudretningar med tilhøyrande underretningar kan gjere det enklare å få oversikt over mangfaldet. Dei foreslo sosiokulturell lingvistikk som ei samlenemning for:

(...) alle retninger som har arbeidet med språk, kultur og samfunn. Dette omfatter det som i vår tid går under merkelapper som «sociolinguistik» og «språksosiologi», men også «lingvistisk antropologi» og «samtaletnografi» og til dels *diskursanalyse* og pragmatikk (Hårstad mfl., 2017, s. 94).

Svendsen (Gujord & Randen, 2019, s. 81) overfører denne definisjonen med alle desse retningane til det å lære eit andrespråk. Hennar interesse inkluderer språk og identitetar blant ungdom i storbymiljø med vekt på språkleg endring og kommunikasjon. Ho tilfører dessutan ein ny dimensjon som rettar fokus mot dei sosiale og kulturelle sidene ved språklæringsprosessen, sjølve språktileigninga. «Sosiokulturell andrespråks-lingvistikk omhandler med andre ord hele det tverrfaglige feltet som undersøker forholdet mellom språk, andrespråks-læring, kultur og samfunn» (Gujord & Randen, 2019, s. 81).

Thomas (2013) gir ei utførleg oversikt over den sosiokulturelle retninga av andrespråkforsking. Feltet blir inndelt i tre hovudretningar: 1. ei variasjonistisk sociolinguistisk retning, 2. ei interaksjonell sociolinguistisk retning og 3. ei neo-vygotskiansk sosiokognitiv eller kulturpsykologisk retning.

Mange ser på William Labov som grunnleggjaren av den variasjonistiske lingvistikken. Retninga var først og fremst oppteken av forholdet mellom språk og sosiale faktorar som kjønn, utdanning og sosial klasse. Den tidlege forskinga hadde eit statisk eller essensialistisk syn på sosiale kategoriar. Klein og Dittmar (1979) fann at innlærarar, som hadde hatt kontakt med tyskarar i fritida, tileigna seg høgare kompetanse i tysk setningsstruktur enn innlærarar som ikkje hadde det. Det skjedde uavhengig av formell undervisning. I ei undersøking av svenskferdigheiter hos fire nasjonalitetsgrupper; finnar, polakkar, jugoslavar og tyrkarar, fann forskaren at kontakten mellom gruppene og andrespråket var ulikt. Finnar og polakkar meistra svensk best. Jo meir sosial kontakt, jo betre ferdigheiter i andrespråket (Alpay, 1980). Med andre ord er mengda av sosial kontakt viktig for tileigninga av eit andrespråk. Etter kvart har interessa for å avdekkje arten av kontakt og premissane for han også komme i sentrum.

Studiar av korleis migrantar tileignar seg eit andrespråk, er problematisk ut frå sosiale faktorar. Sjølve migrasjonen kan føre til brot på utdanningsløp og yrkesliv. Individet kjem frå ulike delar av verda, og klassetilhøyringa er eit vanskeleg utgangspunkt. Ved å dele befolkninga inn i grupper forsvinn samstundes dei handlingsmoglegitetene den enkelte har i tid og rom. Eit førehandsdefinert syn på til dømes kjønn og utdanning hindrar forskaren i å få auge på praksisfellesskapet som kjem der og då. Ein utbreidd etnografisk metode er observasjon for å undersøkje korleis ei gruppe menneske lever, og korleis verdiar, tru og praksisar kjem til uttrykk. Metoden er vanleg i antropologien og blir nytta i sosiolingvistikk generelt (Eckert 2012).

Ei rekkje forskarar har vektlagt ulike språklege, sosiale, situasjonelle og psykologiske variablar som grunnlag for kartlegging. Dataprogrammet VARBRUL (engelsk: variable rules analysis) har vore ein nyttig reiskap for å nøyse opp nokre trådar i høve til kva som påverkar språktilleigninga. Rau (2009) og medarbeidarar undersøkte produksjonen av frikativen (0) i engelsk (som i «think») i ulike kontekstar hos 27 kinesiske andrespråk-elevar på ulikt språkleg utviklingsnivå. Elevar med god kontroll på uttalen meistra også dei vanskelege fonetiske omgivnadene. Resultata viste dessutan at ord med høg frekvens, altså ord som blei brukt ofte, oftare blei korrekt uttala. Vidare var programmet ei hjelpe til å avdekkje rekkjefølgja på språktilleigninga. Nokre trekk var vanskelege og baud på utfordringar.

I tradisjonen har ein søkt å inkludere handlingane til individet i tid og rom. Tileigning av sosiolingvistisk variasjon i andrespråket, viser sensitivitet. Mitchell avdekkjer i kva grad innlærar vel visse former for variasjon og ikkje andre. Resultatet av forskinga viser «at innlærer- som alle andre språkbrukere-tilegner seg og bruker sosiolingvistisk variasjon for å signalisere identitet(er), posisjonere seg i forhold til samtalepartner(e) og rådende språkideologiske normer og forståelsesmåter» (Mitchell m.fl., 2013). Faktorar med vekt på samhandling og dialog er viktige innanfor fleire retningar.

Sosiolingvistikken studerer korleis språkmøte, for enkeltindividet, i lokalmiljøet og i sosiale fellesskap kan lære oss noko om oss sjølv og verda som omgir oss (Mæhlum m.fl. 2017, s.13). I interaksjonen kan folk variere talen sin, alt etter kven dei snakkar med, kva dei snakkar om, og kva situasjon dei er i. Tilpassingsteorien, *the interpersonal speech accommodation theory*, (t.d. Giles og Smith, 1979) handlar om korleis vi kan forstå og forklare dei individuelle språkvekslingane språkbrukarane gjennomfører. Teorien vurderer språkleg åferd som ei form for sosial respons, basert på ønsket om sosial identifikasjon, eller distanse. Konvergens vil seie at vi på ein eller annan måte nærmar oss samtalepartnaren, t.d. ved å

veksle dialekt etter kva hen har. Divergens vil seie at vi held fram med eksisterande språklege forskjellar, eller også aukar den lingvistiske avstanden til samtalepartnaren. Vi forandrar kommunikasjonsmåte alt etter kva rolle vi har. Gjennom språket viser vi kven vi identifiserer oss med og korleis vi ønskjer å bli oppfatta. Vi tek omsyn til andre nettopp gjennom språklege handlingar. «Akkomodasjonsprosesser trenger ikke nødvendigvis å være knyttet til ønsket om sosial anerkjennelse fra samtalepartneren, men også et reint instrumentelt ønske om å bli forstått» (Hårstad, Opsahl, 2013, s. 167).

3.0 Metode

Vitskapleg verksemd involverer ein metode på veg til målet. Induksjon og deduksjon refererer to ulike forskingstradisjonar. Induksjon er ein «vitenskapelig metode som på grunnlag av enkelte, individuelle utsagn eller erfaringer søker å komme fram til omfattende generelle utsagn eller lover». Metoden blir knytt særleg til erfaringsvitskapane (empiriske vitskapar). «Induksjon byr på problemer blant annet fordi induktive slutninger, i motsetning til deduktive slutninger, ikke er logisk nødvendige eller bindende, bare mer eller mindre sannsynlige» (Tranøy, 2021). «Å oppdage, utforske og teoretisere over relevante fenomener som man ikke har kjennskap til på forhånd, blir gjerne kalt induktiv» (Pierce, sitert i Hårstad m.fl. 2017). Å dedusere vil seie å trekke ein konklusjon på bakgrunn av eit resonnement. Eit døme er politibilen, som kører inn i blokklandskapet (47). På bakgrunn av observasjonen kan du slutte at nokon har gjort seg skuldig i ei kriminell handling. «Deduksjon er en utledning eller logisk slutning fra det allmenne til det enkelte. Deduksjon er en type bevisføring». «Innen jus betyr deduksjon at man fra ein generelt formet rettsregel utleder mer spesielle regler eller løsninger i enkeltilfeller» (Nilstun, 2019). Ei hypotetisk deduktiv tilnærming sokjer å finne svar på førehandsformulerte problemstillingar og spørsmål (Hårstad m.fl. 2017).

Å snakke om ein vitskapleg metode, som om det var ei einskapleg sak, er i beste fall ei forenkling. Enkelte gonger kan vi møte ei oppfatning av at det berre er den enkelte forskaren si kompetanse og interesse som er utgangspunkt for val av metode. Ei meir utbreidd oppfatning er at sambandslinjene til den allmenne vitskapshistoria er heilt essensielle.

Positivismen vokser fram som filosofi utover på 1800-talet. Den teoretiske retninga framhevar det empiriske som grunnlag for all erkjenning. Ifølgje positivistiske ideal er det berre på basis av observasjon og sanseerfaringar at vi kan gjennomføre vitskaplege analysar. Framståande karaktertrekk ved ei positivistisk grunnhaldning er førestillinga om at naturvitskapane er normdannande også for humanvitskapane.

Historismen blir ofte framstilt som ein heilt ny tenkjemåte, ein tenkjemåte som inneber ein revolusjon. Han var like gjennomgripande for humanvitskapane som mekanikken hadde vore for naturvitskapane to hundreår tidlegare (Jensen 1995). Utover på 1800-talet vokser det fram ein ny felles overordna tendens i europeisk åndsliv. Med tyngdepunkt i det tyskspråklege kulturområdet oppstod ein tverrfagleg humanvitskapeleg forskingstradisjon, med ambisjonar om å forstå menneske og handlingane deira. Forståinga av verda som eit permanent og ordna system, blir erstatta av ei oppfatning av element i ulike dynamiske forløp. Ein må sjå

mennesket i historisk samanheng, der opphav og utvikling blir sentrale analytiske omgrep. Å tenke og å argumentere historisk blei ein tendens innan forsking og politisk samtidsdebatt. Historismen innebar ei avvikling av det statiske menneske- og historiesynet. Med utviklinga av det dynamiske menneskesynet var grunnlaget lagt for den moderne humanvitenskapen, spesielt innanfor fagområda språk, litteratur og andre kunstartar.

Innanfor det nyetablerte humanvitenskapelege perspektivet oppstod eit vitskapsteoretisk skisma mellom to ulike forskingstradisjonar. Humanvitenskapen, til liks med naturvitenskapen, prøver å avdekkje lovmessigheiter, ein søken etter det allmenne, det universelle. Oppgåva til humanvitenskapen er dessutan å beskrive og å fortolke enkeltståande hendingar, det individuelle og eigenarta.

Hermeneutikk kjem frå gresk og tydar å tolke, fortolke og leggje ut. Som åndsretning blir ho gjerne omtala som læra om kva forståing er, og korleis ein skal gå fram for å oppnå forståing. Retninga introduserte ei metodelære som i praksis kunne nyttast på alle former for menneskeleg aktivitet, inklusive produkt av denne aktiviteten (Wilhelm Dilthey, 1883). Ambisjonen var å komme fram til meiningsbakgrunnen bak ei gitt historisk bestemt hending. Tankegangen kviler på at menneskelege handlingar er meiningsbestemde. Dei er retta mot noko og blir oppfatta som intensjonale, med innleiving som fellesnemnar.

Eit forhold som spring ut av vitskapsteoretiske disposisjonar er omgrepssparet *kvantitativ* og *kvalitativ*:

Det *kvantitative* angår egenskaper ved et gitt fenomen som på et eller annet vis kan telles og måles i form av mengde, grad, frekvens eller utbredelse. Det *kvalitative* på sin side har å gjøre med arten, beskaffenheten, karakteren, og ikke minst *opplevelsen* av et gitt fenomen, og må dermed heller beskrives med ord enn med formaliserte målenheter (Hårstad m.fl. 2017, s. 53).

Kvantitative metodar krev ei viss operasjonalisering av forskingsobjektet, til dømes i form av et spørjeskjema. Forskaren beskriv og definerer på bakgrunn av observasjonar. Det er eit poeng å samle opplysningar om mange undersøkingseiningar, for å finne gjennomsnittlege, statistiske mønster. Eit døme er ei undersøking av klassetilhøyrsel og språkbruk i eit konkret bysamfunn. Resultatet er viktig i seg sjølv, men ein kan også bruke det til kontrollerbare gjentakingar i fleire samfunn. Metoden er naturvitenskapleg fundert, med kravet positivismen har til vitskapelegheit, overført til ein sosial røyndom.

Kvalitative metodar representerer andre krav enn det eg nettopp skisserte. Det er inga målsetjing å operasjonalisere forskingsobjektet, slik at det kan la seg studere i dei enkelte bestanddelane sine, eller å avdekkje gjennomsnittlege, representative data. Forskingsidelet er observasjon av objektet i ein kontekst, eksempelvis, språklege praksisformer i eit bymiljø. Vekta ligg på språkbrukarane sine eigne oppfatningar og haldningar til den sosiale realitetan som omgir dei.

Dei språklege dataa kan ikkje «tappast» frå språkbrukaren i rein og usmitta form (Ouist 2005). Forskaren må sjølv delta aktivt i feltet ved observasjonar og samtalar. I kraft av å vere deltagar, bidreg han/ho til å skape dataa. Arbeidet består i å velje ut representantar, tolke praksisane deira, deira eigne opplevingar av det sosiale og språklege fellesskapet. Metoden er ei skildring av hermeneutiske forskingsideal, gjennom vektlegging av å forstå ulike sosiale fenomen. Teoretiseringa krev samstundes at forskaren distanserer seg, i funksjon av ei meir nøytral tilskodarrolle, for å sikre objektive data (Thagaard 2013, Skjervheim 1957, sitert i Hårstad m.fl. 2017, s. 55).

Sosiolingvistikken kom på banen mot slutten av 1970-åra. Interaksjonelt-orienterte forskarar «bidro til å gjøre sosiolingvistikken til en mer genuint humanvitenskapelig disiplin, i og med det handlende og tenkende subjektet ble løftet fram» (Mæhlum 1997, s. 23). Sosiodokulturell andrespråkslingvistikk er kjenneteikna av den sosiale konteksten der språklæringa finn stad, og kva rolle denne spelar for tileigninga og utvikling av identitet:

Siden en «god» vitenskapelig teori må rekke vidt og være generaliserbar, er det med andre ord behov for å anvende en sosiodokulturell tilnærming til andrespråkslæring i flere sammenhenger for å kunne generaliseres til flere kontekster, men siden sosiale situasjoner og samtaler er unike, ikke nødvendigvis i form av flere deltagere (Coupland, 2016, sitert i Gujord, Randen 2018, s. 98).

Både samfunnsvitskap og humanvitskap har menneskelege handlingar, relasjonar og institusjonar som studieområde.

Per Thomas Andersen, G. Mose og T. Norheim definerer litteraturvitskapleg metode som ein «systematisk fremgangsmåte, der man undersøker og stiller spørsmål til sin gjenstand, det vil si objektet, for å oppnå viten» (2012, s. 18). Litterær analyse er ingen einskapleg metode, men opnar for fleire inngangar der perspektivet er viktig.

Omgrepet analyse kjem av det greske «analysis», som tydar «oppløysing». Overført til litteratur vil det seie å løyse opp teksten for å undersøkje formelle og innhaldsmessige aspekt ved han, som til dømes form, innhald, forteljarteknikk og litterære verkemiddel. Sjølv om analyseomgrepet i utgangspunktet ikkje rommar ei sekundær implementering, må vi også legge til ei tolking. Å tolke vil seie å finne mening ut frå vår situasjonsoppfatning.

Når vi tolker, undersøker vi hvordan mening skapes gjennom tekstens forløp, hvor de ulike delene griper inn i hverandre. Dette skjer gjennom en prosess som kalles den *hermeneutiske sirkel*, hvor de enkelte delene forståes i lys av helheten, og helheten i lys av delene (Slettan, 2020, s. 249).

Sjølv om vi les ulikt, er vi forplikta til å forhalde oss til orda og ordsamansetningane i teksten. Alle tekstar rommar dessutan fleire tolkingsmoglegheiter. Teksten kan vere tvitydig og paradoksal.

Til analysearbeidet hører ofte kontekstualisering. Ein tekst peikar utover verket i retning av andre tekstar, og av historiske, kulturelle og samfunnsmessige forhold. Livet og virket til forfattaren kan også kaste lys over den samanhengen som teksten er skrive inn i. Samanfatta kan vi seie at det å analysere tydar å beskrive, tolke og kontekstualisere.

Grovt sett skil vi mellom tekstinterne tilnærmingar, som primært undersøkjer den skjønnlitterære teksten, og teksteksterne tilnærmingar, som i større grad studerer forholdet mellom litteratur og kontekst.

Et studium av språk, sjanger, plott, motiv eller tema er eksempler på overveiende *tekstintern* tilnærming, mens et studium av forfatterskap, eller av sammenhenger mellom tekst og samfunn kan falle inn under en mer *tekstekstern* tilnærming (Andersen, Mose & Norheim, 2012, s. 19-21).

All analyse inneholder element av nærlæring i tydinga merksam læring av teksten. Nykritikken, frå 1940-talet og utover, har fått mykje av æra for å utvikle nærlæring, som ein meir stringent metode med hovudvekt på teksten som skal lesast «i opposisjon til overdreven vekt på forfatterintensjon og -liv, men også som motvekt til tilfeldige leserreaksjoner» (jf. Claudi, 2013; Brandt-Pedersen & Rønn-Poulsen, 1980). «Nærlæring er også sentralt i leserorientert analyse, der en er opptatt av leseprosessen og ser meningsskaping som en transaksjon mellom tekst og leser» (jf. Rosenblatt, 1994; Isar, 1978, sitert i Master i norsk 2020, s.48). Ei form for nærlæring inngår på alle nivå, både tekstinterne og teksteksterne tilnærmingar til teksten.

Den postkoloniale teorien har skjerpa mi interesse for etniske, kulturelle og politiske maktstrukturar i tekst- og kulturuttrykk. For å vise korleis fortida inngår i samtida vil eg løfte fram den eldre politiske greina i form av tilpassingsteorien (Fanon). Impulsar frå poststrukturalistisk teori dannar utgangspunkt for omgrep som orientalismen og hybriditet (Said, Bhabha). Ambisjonen min er å undersøkje kva som kjenneteiknar vår tids postnasjonale «førestilte fellesskap». Målet er å skape forståing for forholdet mellom relasjonar og makt, og korleis makta tek nye former, for å vise korleis ein norsk, hybrid identitet kjem til uttrykk.

4.0 Analyse

Med ungdomslitteratur, utskilt som ein eigen fase i livsløpet, forstår vi litteratur som er gitt ut med ungdom som målgruppe. Grenseskiljet mellom barne- og ungdomslitteratur går ved ungdom på veg inn i puberteten. I den andre enden av aldersspekteret finn vi ungdom på veg ut mot vaksenlivet. Mellomgruppa, tweens, eller ungdomsskuletrinnet, utgjer den mest typiske målgruppa. Kategorien rommar alle slags tekstar som er retta mot ungdom, basert på leseevne og leseinteresse. Det er inga sjanger nemning i seg sjølv, men ei gruppe tekstar i ulike sjangrar, avgrensa ut frå den aldersbestemte ramma (Slettan, 2020, s.13). Å formidle eit ungdomsperspektiv vil seie at det finst ein vilje i teksten til å knyte stoffet til erfaringane til den unge lesaren. Ved å gjere det fjerne nært blir lesaren invitert til identifikasjon.

4.1 Når og kor er teksten skriven?

Alle utlendinger har lukka gardiner (2015) er tidstypisk innanfor eit fleirkulturelt Norden. Folk i velferdsstatane Noreg, Sverige og Danmark har stort sett levd med ei førestilling om at vi som skandinavar, ikkje i særleg grad deltok i kolonisering, imperialisme og slavehandel (Gullestad 2006, s. 39). Går vi tilbake i tid er historia likevel mangfaldig med tanke på landområde, grenser og krigsføring. I perioden frå 1537 fram til 1814 var landet i stor grad underlagt dansk styre. På grunn av paragraf to i grunnloven var det jødiske folket uteutestengt frå landets grenser fram til 1854. Urbefolkningar, samar og kvener har møtt fornorskingskrav fram mot gradvis etablering av status. Omgrepene postkolonialisme er likevel ikkje noko som dei fleste vedkjenner seg. Både urbefolkningar og innvandrarbefolkninga gjer det problematisk å operere med ei førestilling om eit homogent samfunn.

Autofiksjonen (2015) viser konsekvensane av migrasjonen. Fleire nasjonalitetar innanfor det norske territoriet både underbyggjer og problematiserer seg sjølv som ein del av ei nasjonal historie. Ideologien om det nasjonale og det opphavlege er forholdsvis stabilt, sjølv om verda i røyndommen er meir kompleks.

Arbeidsinntekt, familiegjenforeining, flukt for å søkje vern og utdanning er dei vanlegaste grunnane til innvandring. Ved inngangen til 2022 budde det 1025 200 personar med ein annan landsbakgrunn enn norsk i Noreg (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, 2022). Denne gruppa består per definisjon av innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre og blir omtalt som innvandrarbefolkninga. Innvandrarane utgjorde 819 400 personar, eller 15,1 prosent av befolkninga (SSB, 2022). Ved årsskiftet auka polske innvandrarar mest i tal, med 105 500 personar. Litauuarar talte totalt 420 000 busette. Deretter følgde svenskar og syrarar som talte høvesvis 35 900 og 34 400 personar (Steinkellner, 2022).

Med unntak av Nordstrand ligg dei fleste av Oslos bydelar, Marka og sentrum er ikkje inkludert, over landsgjennomsnittet på 15,1 prosent busette innvandrarar. Bydelar der meir enn ein av tre er innvandrarar, er bydelane Stovner (39 %), Søndre Nordstrand (38 %), Alna (37 %) og Grorud (37 %). Norskfødde med innvandrarforeldre utgjer 3,8 prosent av befolkninga. Etter landsbakgrunn er det flest norskfødde med innvandrarforeldre frå Pakistan, Polen, Somalia og Irak (SSB, 2017).

Romsås er eit bustadstrøk i bydel Grorud, utbygd i åra 1970-74 som det mest einskaplege av Oslos prosjekt. Området er oppdelt i seks bustadgrender og består av einsarta bustadblokker i tre til åtte etasjar, totalt 2 600 leilegheiter: Orremyr (Orrhøne) (ferdigstilt i 1972) (bueiningar, 342), Emanuel fjell (steinbrotet) (1973) (314), Svarttjern (tjernet) (1973) (647), Røverkollen (ein røvar) (1974) (238), Ravnkollen (ein ravn) (1970) (661) og Tiurleiken (ein tiur) (1971) (332).

Dei globale bølgjene opnar for auka mobilitet og nye impulsar. Litteraturen opererer på tvers av nasjonar og kontinent. Kulturar møtest, kolliderer og prøver å hanskast med kvarandre. «Det dreier seg om at livsbildet i litteraturen overskrider ei tradisjonell norsk-nasjonal ramme og åpner seg mot et verdensomspennende perspektiv» (Slettan, 2020, s.27). Også fleirkulturell litteratur eller migrasjonslitteratur utgjer eit område for den overgripande trenden. Handlinga går vanlegvis føre seg i fleirkulturelle miljø der kulturmøte blir tematiserte. Gjennom utgivarstad og språk vender forfattarane seg «til lesere med en annen kulturell bakgrunn enn den teksten har sitt utgangspunkt i» (Slettan, 2020, s. 28). Globaliseringsperspektivet viser til det som går føre seg mellom kulturane, ei destabilisering av partane i det dei møtest.

Tradisjonelle livsrammer blir brotne opp, og ein open og uavklart situasjon oppstår. Verdiar, vegval og identitet må forhandlast fram på nytt. Enkeltpersonar sine vitnesbyrd og levde liv er ein del av ein postkolonialisme som skriv til sine eigne. Dokumentasjon av erfaringar og livsløp, aspekt ved livet i dagens Noreg, blir dessutan knytt opp mot ei større historie. Det overskridande blir uttrykt både som erfaring i verket og hos lesaren.

Samfunnskritiske bøker for ungdom har lenge vore eit særsyn. Markante døme, som løftar tematikken mot det sosiale, kulturelle og samfunnsmessige nivået, finn vi innanfor området fleirkulturell litteratur. «De tematiserer kulturmøter og kulturkonflikter, og formidler også slik tematikk til lesere som ikke nødvendigvis står midt i det» (Slettan, 2020, s. 43). Romanen går tett inn på innvandrargrupper og levevilkåra deira. Han viser fram livet til dei unge og deira posisjon innanfor familie, skule og samfunn med polemisk brodd mot den norske velferdsstaten.

Opp gjennom historia har litteraturen hatt ulike former. *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) er gitt ut for vaksne, men har appell til ungdom fordi han har uttrykt ei karakteristisk ungdommeleg livserfaring i ein tidsepoke. Den blei det vi kan kalle for ein generasjonsroman (Slettan, 2020, s. 15).

[4.2 Korleis belyser sjangervalet identitetskonstruksjonar i romanen?](#)

Omgrepet litteratur kjem av det latinske «literatura», som tydar «bokstavskrift». I eldre tider var det vanleg å bruke nemninga på alle typar skrifter, også juridiske og vitskaplege. Døme på ei brei tydning i vår tid er «faglitteratur» og «litteraturliste». Å skilje ut den «skjønne» litteraturen eller diktekunsten, med dei tre hovudformene epikk, lyrikk og dramatikk, blei vanleg frå slutten av 1800-talet. Her viser litteraturomgrepet dels til ei kunstnarisk medviten språkbehandling og dels til ein kode eller kommunikasjonspraksis mellom forfattar og leser. Ordet medium, med latinsk opphav, tydar «i midten». Det blir definert på ulike måtar. I denne verbalspråklege teksten karakteriserer omgrepet materielle gjenstandar som blir brukte til å organisere og formidle teikn. Dessutan har det ei kulturell side, med vektlegging av kommunikasjon. Sjanger, som tydar «slekt» og «art», karakteriserer overordna klassar av litteratur. Å ha kunnskap om sjangerhistorie- og konvensjonar er til god hjelp i analysen. Brudd på i sjangermønster gjer leseren ekstra observant med tanke på kva effekt eit sjangerbrot kan ha. Nokon tekstar har element frå fleire sjangrar. Vi finn hybridformer av tekstar, til dømes essayet og dokumentarromanen.

Kva for sjanger *Alle utlendinger har lukka gardiner* tilhører, er ikkje heilt eintydig. Den forteljande teksten er utypisk med ein kort, fragmentarisk struktur, utan illustrasjonar. Ved første augekast kan dei korte episodiske oppdateringane minne om ei dagbok. Men teksten gir inntrykk av ein kompleks komposisjon. Det vil seie at fleire sjangertrekk kan vere skjult i verket. Skildringar av det geografiske territoriet og opplevinga av nasjonaldagen 17. mai, kan tene som døme på nyansert detaljbruk. Skildring av ungdomsmiljøet gir inntrykk av aktuell samtid, samstundes som den fiktive handlinga til ei viss grad fell saman med leseren si eiga samtid.

Ein samtidsrealistisk ungdomsroman gir, ved hjelp av bestemde litterære strategiar, ein sannsynleg og tilsynelatande objektiv framstilling av den konkrete verda med vekt på oppveksttida til dei unge. Det føreset at personkarakteristikkar og språklege uttrykksformer samsvarer med og kan opplevast som truverdige i det miljøet som blir presentert. «Realismen pretenderer å gi ei objektiv avspegling av faktiske forhold», skriv Åsfrid Svendsen (2001, s.139). Framstillingsforma er likevel litterær, ikkje autentisk eller utført av levd ungdomsliv.

Små og tilsynelatande, overflødige detaljar har ein bestemd funksjon, gjer Roland Barthes (1980) oss merksame på. «Disse detaljene skaper en virkelighetseffekt i den som leser» (Slettan, 2020, s. 38). Delar av skildringa kan vere underforstått, men lesaren vil likevel vere i stand til å skape ein heilskap ved å erkjenne at dette kunne ha hendt under bestemde forhold. Samtidsrealisme inneber at den fiktive handlinga er lagt til eit tidsrom, som på sett og vis fell saman med lesaren si eiga tid, til dømes avgrensa til ein periode på, rundt rekna, dei siste ti åra. Den tematiske spennvidda er stor. At forteljinga engasjerer kan ganske enkelt komme av at ho skaper innleiving og fascinasjon.

Intensjonen i teksten føreset at vi er kjende med Oslo og dei ulike geografiske bydelane. Ei detaljert miljøskildring av drabantbyen blir framstilt i boka. Vi erfarer Romsås, 404 meter over havet, nærmest i form av ei sosialantropologisk reise. Namnevala Ravnkollen, Tiurleiken og Svarttjern (103) signaliserer naturskjønne omgivnader, eit område i god avstand til resten av busetnaden på Grorud. Trondheimsveien (Riksveg 4) skjer gjennom området i sør. Mot nord/vest går grensa mot Lillomarka. Strømsveien, E 6, med bompengeinnkrevjing er eit aktuelt vegval, til stasjonen til politiet på Grønland, «huevon, for mener veien stjeler pengene» (99). Området er betent av T-banelinja, Grorudbanen (57, 79). «17. mai var mest kaose dagen på lenge». Avstanden mellom Romsås og Oslo sentrum gjer det nødvendig å møte opp i god tid, for å unngå å komme for seint til avmarsj ut frå Grønland torg. Dessutan er skolen plassert som nest sist i rekjkjefølgja. «Vi måtte vente førti tusen år før kunne vi gå, men heldigvis vi hadde Romsåsjanitsjaren som tok av med «Crazy in love» hvert kvarter». Frå Grønland torg går marsjtraseen på skrå, før han dreier mot høgre, og rettar seg ut i retning mot Slottet. «Da vi endelig kom til nederst i Karl Johan man så hele toget farga i norske flagget, rødt, hvitt og blått» (82).

På veg inn til Romsås senter ligg sjukeheimen og barnehagen (10). Senteret rommar ulike servicetilbod og butikkar, kafé, legesenter (49), frisør (32), Kiwi (10), og senterblokkene med rimelege leilegheiter «og alle vet de egentlig har ikke så mye spenn, for morra deres jobber på Kiwi» (55). Her ligg også Romsås bad (75). Mellom blokkene finn vi Humleby utandørs idrettsanlegg (66, 87) og Romsåshallen. Skolar, nemnt i miljøskildringa, er Svarttjern, 1-3 (25, 63) og Bjøråsen 8-10 (15). Dessutan er kyrkja (12), asylmottaket (29) og klosteret (60) omtalt.

Miljøet, som blir skildra, er inga pretendering av røyndommen, som i ein realistisk samtidsroman. Det er snarare ei autentisk melding, ein Romsås-dokumentar. Detaljbruken har ein spesiell funksjon i verket. Det stilistiske grepene bidreg til å beskrive eit geografisk område

innbakt med positive konnotasjonar. Skildringa av ungdomstida har ein allmenn karakter av relasjonell tilhøyrsel. Forskjellen mellom Oslo aust (Grorud bydel, Grønland torg) og Oslo vest (Frogner, Aker bryggje) blir tydeleg.

Viktige hendingar er tid- og heimfesta. Namnet på bydelen blir introdusert med avsnittet Romsåscup (66), organisert midtvegs i forteljinga. Men allereie i det første kapittelet «Den andre broren min» (7) får vi eit hint om når ei viktig hending skjer. «Så dro han, broren min dro og det gikk litt tid, blokkene ble pussa opp, ting forandra seg» (8). Frå 1996 til 2013 har alle burettslaga gått gjennom eller gått i gang med rehabilitering, med nye fasadar i teglstein og innglasa balkongar. Broren kan ha drege i forkant av 1996, det vil seie eit handlingsrom på tjue år. Manglande timing kan komme av det stilistiske grepet til fiksjonen, opphenting av fortid til notid, nytta i det første kapittelet.

Vi er i forstaden i nær fortid, da karakterane chatta på MSN. Windows Live Messenger, tidlegare Windows Messenger, deretter MSN Messenger var ein onlineteneste for hurtigmelding i tidsrommet 2006-2012 (18, 19 og 24). Romanen speler på internasjonale impulsar som peikar mot avgrensing nedover til år 2007. Tilknytinga til popkulturen blir styrkt, samstundes som amerikanske artistar blir introduserte. Låten «Sweetest Girl» av Wyclef Jean, tilhøyrar det sjuande musikkalbumet *Vol.11: Memoirs of an Immigrant* (2007) (17). Ne-Yo, som eigentleg heiter Shaffer Chimere Smith, og låta «Mad» er også med. Ne-Yo er ein hiphop-artist med aktive år frå 1994. Den første utgivinga kom i 2003. Dessutan bidreg han med låtskriving for Rihanna (56).

Globaliseringa sprengjer landegrensene ved at kulturelle impulsar blir ført vidare. Eitt døme er dansen Dutty Wine, som oppstod på Jamaica 2003, og seinare kjent frå 2006. Dans er eitt, av fleire moglege, val for elevane i prosjektet «Internasjonal veke». Dei blir inviterte til å leve seg inn i det fiktive universet, delta i framføringa, iført kostyme og rekvisitt. Jennifer frå Trinidad, med anar i den rytmiske tradisjonen, hjelpar til med undervisninga. Prosjektet blir avslutta med oppvisning i storsalen, i skuletida, med foreldre til stades (39) (41).

Lanseringa av Beyonces «Halo Angel of love» (2013) utvidar tidsramma ytterlegare. Ho gav ut debutalbumet sitt i 1998, produsert av Wyclef Jean og Jermaine Dupri. Ein periode tilhøyrar ho gruppa Destiny Child, som blei oppløyst i juni 2005. Det andre soloalbumet kom saman med Shakira, september 2005 (39) og hitten Deja Vu i 2006. Beyonce er gift med Jay-Z, 2008 (56). Destiny Child, stod opp igjen som gruppe i ei framsyning knytt til Super Bowl XLVII,

show 2013. Same år følgde lanseringa av «Halo, Angel of love». Fenerbahçe stadion, som er heimebane for fotballklubben med same namn i Istanbul, 2009, er også nemnde (94).

One Tree hill er ein amerikansk serie, som blei produsert i tidsrommet 2003- 2011. Episodar blei sende på norsk TV (12, 76). *Yo mama Battles*, TV-seriar 2009-2015, utgjer ein inspirasjon til etterlikning av ei iscenesett, improvisert forulemping av mødrene til kvarandre (77). Arenaen er matsalen på skolen og tidspunktet er friminuttet til elevane.

Som vi har sett, spelar romanen på intertekstuelle referansar og vev samstundes inn kunnskapsstoff. Dei globale kulturelle bølgjene blir dessutan prega av kommersialisering ved å føre produkt over landegrensene. Eit slikt samspel opnar for mange vegar til forteljingar som skaper felleserfaringar for deling og kommunikasjon. Samanfatta blir eit fiktivt univers skissert der lesaren blir invitert til å delta.

Den fragmentariske strukturen sender likevel signal til lesaren om at dette kan vere ein dagbokroman. Verket er bygd opp av korte passasjar. Stilen er introvert og handlar mykje om Marianas tankar, og delar av den viktigaste handlinga finn stad på MSN. Kvart kapittel, totalt 74, har ein tittel og skildrar ei bestemt eller fleire hendingar. Ingen dato er oppgitt for å orientere lesaren. Det verkar som notata er skrivne med nokre dagars mellomrom. Frå heimen skiftar vi plass til skolen, til kyrkja, til Romsås- og Stovner senter og til sentrum av Oslo. Faren ventar besøk av venner frå asylmottaket, og han kjeftar på Mariana. Ein grunn til det er misforhold mellom henne og Matias, ein annan er smykka, som faren kallar «sminskene», som ligg midt i gongen. Den direkte konsekvensen av sinneutbrotet til faren er markert, temporalt, med ein overgang frå perfektum til presens og typografisk. «Derfor jeg nå sitter i rommet mitt». Tidsadverbet «no» viser til situasjonen til forteljaren (9). Eit anna døme er bruk av tidsadverbet «i dag». På bakgrunn av hendingar i kvardagslivet ordnar ho notata sine. «Det også var lættis episode på skolen i dag» (15).

Med avbrot av minnesekvensar går den fiktive tidslinja over åttande trinn på ungdomsskolen. Nærvar av katolske tradisjonar, ved eit timelangt skriftemål, speglar delar av innvandrarmiljøet (12) til forskjell frå den muslimske kulturen som glir saumlaust inn. Fastemånen, ramadan, blir introdusert med negative konnotasjonar. Ifølgje tradisjonen må muslimar stå opp for å ete før soloppgang. I eit land, langt mot nord,/ kan det bli ein lang pause før dei unge skal dra på skolen, «men når dei står opp klokka fem» [...] «og legger seg igjen etter maten» (11). Ramadan står utan opplysning om tid. Avslutninga blir markert med festen, Eid (endeleg slutt på åndene) (20). Hovudpersonen har eit flyktig forhold til

religiøsitet, noko som blir vidareført i episoden som omhandlar Joshua King, med «skrikmaske som skremmet meg» og knask eller knep på halloween (57). Valkamp, med buer på Karl Johan, forut for stortingsvalet, kvart fjerde år, føreset at startpunktet til romanen er august/september i ei kronologisk melding (15). Frodes eig eit treningscenter i Spania, som har stengt om hausten og vinteren: «derfor han jobbar litt på skolen». Dette utgjer ein truverdig referanse (16). Oppstart av den internasjonale veka, med enkelte valfrie emne knytt til temaveka, er angitt, ut frå kulde og «isklumper på bakken», som signaliserer vinter (35). Omtrent samstundes kan vi lese at Frode har slutta på skolen, elevane skal ha kosetime og sjå film for det er snart jul (36). Forut for avsnittet, som markerer påskeferien (73), blir livet «plutselig tristeste novemberdagen selv om det er april» (70). Etter kvart følgjer avsnittet, «Norge i rødt, hvitt og blått» (82), før eksamensveka (88) og gigamygg mot sommaren (100). Vi finn eit hopp i tidslinja frå kosetimen før jul fram mot april. Dette trass i religiøs tematikk som tradisjonelt startar med fastelavnssøndag, eksempelvis karneval, og dansen Dutty Wine. Kanskje det er slik at vektlegging av tematikken kompenserer for manglande opplysningar om tid.

Seks kapittel viser vekslinga mellom ulike tidsplan. «Den andre broren min» (7), «Pikktagginga» (25), «Du er redd for de» (44), «Begynnelsen» (47), «Slangen» (60) og «Alle utlendinger har lukka gardiner» (102). Pendlinga i tid opnar for eit heilskapleg bilet av ein dramatisk familiesituasjon. Teksten speler på formative år, men minnesekvensane bremsar handlingsutviklinga. I eit skjønn der respekten for fortida og tilpassing til notida møtest blir avstand skapt til den aktuelle samtida. Slik blir forma i seg sjølv eit uttrykk for å sjå røyndommen frå meir enn eitt perspektiv. Det poetiske uttrykket står dessutan i kontrast til den kvardagslege språkføringa som kjenneteiknar samtidsrealismen.

4.2.1 Strukturendringar i danningsromanen

Persongalleriet er sett saman av dynamiske karakterar som utviklar seg gjennom forløpet. Handlinga går føre seg på fleire arenaer. Omgivnadene i sjette etasje viser korleis den eldre generasjonen verkar i høve til barna og familien. Dessutan står forholdet til jamaldrande sentralt i ein skulesamanheng, der mange slags menneske samlast under same tak. Saman opplever dei nokre viktige val som det å få seg kjærast og å finne sin plass innanfor fellesskapet, på veg inn i uvissa til ungdomstida. Behandling av omgrepa «identitet» og «livsmeistring», har bakgrunn i eldre tiders danningsroman for vaksne. Den følgjer ofte eit temmeleg regelrett trefasa utviklingsmönster. Heime-borte-heime-strukturen kan førast tilbake til initiasjonsritar i tradisjonelle stammekulturar, såkalla «rites-de-passage» (Turner,

1996). Her blir dei unge ført bort frå fellesskapet for å gå gjennom visse rituelle prøver som markerer overgangen til vaksenlivet. Eventyret om Lille Rødhette kan illustrere eit parallelt utviklingsmønster. Ho går ut i verda for å erobre ho, gløymer formaningar, lærer av feil, og vender tilbake til tryggleiken hos mor. Dette tredelte mønsteret er ein vanleg måte å bygge opp ei forteljing på.

I 1980-1990 åra oppstår nye trendar i litteraturen. Ein ny generasjon ungdomsbokforfattarar kjem på banen med ein annan måte å skrive om livet på, med tema som har vidare samfunnsmessig relevans. Fleire forskrarar viser interesse for narrative strukturelle endringar, blant dei Åsfrid Svendsen. I artikkelen «Frå store forteljingar til små historier» knyter ho det ideologiske grunnlaget til «en stor fortelling i vår kultur: en fortelling om et barns medfødte, stabile identitet og et livsløp som springer ut av barnets naturgitte forutsetninger». I moderne barne- og ungdomslitteratur blir den tredelte oppbygningen problematisert. Tradisjonelle framsyningar har fått tilleggsdimensjonar. «Det kaotiske midtstadiet i dannelsesromanen ser ut til å ha erobret hele fortellingen, uten at det skjer noen avklarende harmonisering til slutt», hevdar Svendsen (1996, s.284).

Norsk barne- og ungdomslitteratur har lenge dreidd seg om norske miljø. Moderne litteratur viser forståing for dei multikulturelle møta som auka mobilitet har ført med seg. Nye kulturmøte står sentralt i artikkelen «Home. Homelessness and Liminal spaces». Forskarane Mavis Reimer og Clare Bradford presenterer ein lesemåte aktualisert av bøker ved kolonialiseringa av Canada og Australia (2005, s.215). Som Svendsen tek også dei utgangspunkt i den etablerte sjangerstrukturen i barnelitteraturen. Dei etterlyser meir merksemd mot borte-fasen der dei finn uttrykk for «unhoused, descentered and excilic energies» (Said, *Culture and Imperialism*, 1993, s.332). Resepsjonsforskar, Anne Skaret, skriv om litterære kulturmøte og ein studie av biletbøker og barn si resepsjon i doktoravhandlinga si (2012). «Liminalitet viser til et område imellom («inbetween») kulturer, der kulturell endring kan finne sted» (s 44).

I *Å bygge en verden av ord* (2001) viser Svendsen ei ny forståing for identitetsutvikling. I staden for å lukke framstillinga, gjennom ei harmoniserande utvikling, blir det i større grad lagde vekt på å framstille ungdomstida som open. I prosessen møter hovudpersonen utfordringar, går gjennom kriser og konfliktar og blir på den måten i stand til å forstå den samanhengen han/ho står i. «Dette forløpet er en byggende prosess både individuelt og kulturelt». Det gjeld både hovudpersonen og lesaren. Desse forskarane viser at slike endringar

i narrative strukturar er eit uttrykk for identitetsarbeid. Det vere seg erfaringar knytt til ei turbulent ungdomstid eller til krysskulturelle forhold med til dels motstridande verdiar.

Den identitetsbyggjande prosessen finst i tradisjonelle, kronologiske handlingslinjer, men også i meir eksperimenterande eller utprøvande former (2001, s. 207 f.). «Komposisjonen (forma) kan gi signal om kva syn på identitet som kjem fram i boka» (2001, s.293f.). Det trefasa mønsteret er ofte tydeleg, men det kan realiserast på ulikt vis. Vi finn spor ved at Marianas liv i notida blir spegla i Alvaros historie. Pendlinga i tid viser samtidig fram forhistoria hennar. Den stabile tilstanden, som var eit faktum tidlegare, gir farge og mening til dei andre personane. Kontrasten mellom opplevingane i fortida og notidige hendingar blir markerte. I det eine kapittelet er det vinter ved Svarttjern-Jokeren. «Det er så mye is at vi sitter på rumpa og sklir helt til butikken» (46). Like etter var det «sommar» (47). Identiteten blir framstilt som diffus, det vil seie ein identitet som hovudpersonen glir inn og ut av, prega av formmessig eksperimentering.

Det litterære uttrykket kan opne for ein meir kompleks kategori. *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) leikar seg med dagbokkonvensjonane. Lesaren får inntrykk av at det er kvardagen til ei norsk-chilensk ungjente som blir notert. Det vil seie at Mariana tek dagane som dei kjem, utan at noko er planlagd, ingen litterær dagsorden. Dokumentaren antydar at forteljinga (og gjennom denne forteljaren) utviklar seg samstundes som historia går sin gang. Dette grepet gir inntrykk av spontan autentisitet, og fører verket inn på sporet til innvandrarlitteraturen.

Ein fordel med å reise er at vi blir sett på nye måtar. Vi legg fordommar og fastlåste haldningar bak oss. Dei som vurderer oss og meiner å vite korleislivet vårt kjem til å bli, kjem på avstand. I møte med det framande opplever vi verdien av blikket til dei andre. Samtidig registerer vi nye impulsar og inntrykk undervegs. Tolking av opplevingane, i diskusjon med andre ved heimkomst, gav grunnlag for sjølvstendige kunnskapar. Det blir mogleg å utfordre einsarta og permanente syn på kulturar. Men borte-fasen i grunnmønsteret involverer slett ikkje alltid ei konkret reise. Like gjerne finn den stad i overført betydning, som ei indre reise, som fortel korleis ein person blir forma og danna (Birkeland, Mjør og Teigland , 2018, s.72). Den psykologiske tilnærminga inneber at hovudpersonen kan bli teke ut av den samanhengen ho/han inngår i, kopla laus frå familie og venner, eller ho/han kan sjølv velje å gjere seg fri.

I kontrast til faren, som har utvandra frå Chile, blir Mariana verande i forstaden. I notatform skriv ho om seg sjølv i formative ungdomsår der familie- og vennerelasjonar forandrar seg i høgt tempo. Identiteten til karakterane utviklar seg via skolen, og dei opplever verda på ein digital måte, via TV og internett. Utviklingsreisa blir symbolsk ved vektlegging av forholdet til dei andre, til klassefellesskapet. Mariana oppnår ikkje den forventa modningsprosessen fram til ein avklart posisjon, hevdar nordisten Jagne-Soreau. «Verken som halvt norsk eller ekte utlending» kjem ho til å definere tilhøryselen sin, men held i staden fram med å vere i dei to første fasane (2013, s.17).

Hovudpersonen vel sjølv å gjere seg fri ved å søkje ein ny samanheng. Det er ei historie om sjølvstendiggjering og oppvakning til vaksenlivet. I etterkant av obligatorisk skulegang, er ho i ein open liminaltilstand, der vala bestemmer den vidare retninga. Laust frå dei sjølvbiografiske notata etter dagbokkonvensjonane bevegar tekstane seg mot ei allmenn fiksionsforteljing. Vi kan sjå aspekt av ein postnasjonal danningsroman. Ut frå fødeår, 1994, og utgivingsår, 2015, har Skaranger passert ungdomstida og har blitt 21 år. Det kan vere ei påminning om at det er dei vaksne framsyningane hennar som får gjennomslag.

4.3 Korleis er storstrukturen, personkonstellasjonane og konfliktutviklinga?

Opninga skjer tilsynelatande in-medias-res, utan at ein intro er bakt inn i handlinga, men innleiinga viser seg å presentere ei kriminalgåte. Den eldste broren, Alvaro, er borte. Konflikten er prega av dei to plottlinjene, den doble historia. Med eit sjølvbilete som er under utvikling treng Mariana å lausrive seg frå ein bror som ikkje er til stades anna enn i vase minne. Ho tek alle middel i bruk for å leite han opp. «Lenge jeg har tenkt jeg skal si det». «Lenge jeg har tenkt ut skal jeg si til Matias om andre broren vår» [...] (26). At intensjonen er viktig blir poengtert ved gjentaking. Samanhengen mellom form og innhald blir også understreka av blikket. Det er Mariana som har pådrivarrolla. Synsvinkelen ligg hos henne. Lesaren følgjer blikket hennar på vegen mot ei løysing. Det første hintet kjem tidleg i handlingsforløpet. Ho antydar at mora snakkar med broren i telefonen (14). Deretter undersøkjer ho kva veslebroren kan bidra med, ved å smiske med mjølkesjokolade. Han viser interesse ved å spørje om grunnen til at Alvaro reiste, som er ei nyttig avklaring i det vidare forskingsarbeidet. Men ut over det er bidraget minimalt «fortsettet å se på bakken og gå lange skritt med innoverbeina for ikke å tråkke på alle førtilokka» (26). Ein ny framstøyt kjem i kapittelet «Det skal gå bra». Forsøket går ut på å stele telefonnummer og dokument frå den grøne mappa i kommoden på gangen, men mora er stadig i nærleiken (73). Mora opptrer som antagonist ved å hemme forskingsarbeidet. Jakta på broren si historie bestemmer vendepunkt

og spenningstoppar. I samanlikning verkar tilnærminga mellom Mariana og Mu2 som meir usikker. Dei to variantane flettar seg likevel inn i kvarandre og utgjer ei hovudhistorie.

Boka har denne storstrukturen. Det er nærast umogleg å gruppere nokre kapittel i bolkar som ledd i oppbygningen. Innanfor den komplekse strukturen finn eg likevel anslag, stigning, vendepunkt, høgdepunkt og ei løysing. Det første kjærleiksmøtet finn stad på nett (19), jakta på Alvaros historie utviklar seg vidare mot eskalering (74), deretter blir Mariana sett på prøve (74-84), så følgjer fullbyrdinga av kjærleiksmøtet (94) og avklaringa i høve til Alvaro (99) med samanfattande tematikk til slutt.

Eg vel å følgje person- og miljøskildringane for å vise korleis dei ulike handlingstrådane flettar seg inn i hovudhistoria. Kva vil Mariana? Ho har to hovudprosjekt. Ho byrjar å bli vaksen. På den eine sida inneber det ei frigjering og sjølvstendiggjering frå barndomsheimen, inkludert forteljinga om broren. Det andre prosjektet er individuell sjølvrealisering, og det å ta ansvar for eige liv.

Personane fyller forteljinga med liv og djupn, og set det heile i gang. Ved å studere korleis personane blir plasserte i forhold til kvarandre kan vi finne ut kvar konflikten ligg, korleis mønsteret skaper spenning og formar dramaturgien. Generelt kan vi seie at den sentrale personen, ofte kalla protagonisten, tek opp kampen mot antagonistin, eller den personen som lagar problem eller forstyrrar harmonien. Ei meir utbygd modell kan plassere biroller som følgjekarakterar, som støttar prosjektet til protagonisten, eller som kontrastkarakterar, som viser motsatsen (Evans 2006, s. 166ff). Slike modellar representerer ei forenkling.

Personkonstellasjonane er enkle. På den eine sida har Mariana ein relasjon til mor si (andre vaksne) og på den andre sida til venner (tilhøyrsel i gjengen). Til sjunde og sist er det snakk om å realisere sitt eige potensial. Protagonisten samlar fokus gjennom ein framståande karakter. Nære familiære relasjoner gir ho høve til å spele ut alle karaktertrekka sine. Ho er i eit mellomstadium mellom ein yngre og ein eldre bror. Sterke og svake sider blir viste fram i høve til Matias. Mora har ei pådrivarrolle med ein sosial posisjon i kvardagslivet. Samstundes sørger ho for innteninga til familiene. Episoden om bjørnebamse med sløyfe i øyret, som «blir halshogge», sju år tilbake i tid, signaliserer omsorg (65). I nokre samanhengar har ho tid til barna (49), i andre viser ho manglande oppfølging (23). Relasjonen mellom Mariana og mora spring gjennom prosessen. På heimefronten er faren, nærast kontinuerleg til stades for Mariana, der to ulike verder blir kontrasterte. Den kvardagslege tosemda opplevast ekstra intens, «han fortsettet å stå bak ryggen min» (19). Familien hennar er svært nærverande slik

ho fortel om tilværet. Dei set ei grense for kva ho kan gjere og korleis. Bevegar vi oss frå opplevingane til karakteren internt til venner og skolen, utgjer Isa til tider ein verdifull vennskap, i andre samanhengar har ho ein meir antagonistisk funksjon (38). Sara kan opptre som ein rival i konkurransen om Mu2 (72). Merksemrd om tankar, ord og handlingar viser korleis karakterane verkar. Forteljinga byr på meir enn eitt perspektiv som driv fram handlinga.

Identitetsproblematikk, knytt til dei mange tenkjelege pressituasjonane for ungdomstida, har ofte karakter av ein idé eller stemning. Ein stemningsmetta autofiksjon legg vekt på den indre utviklinga til protagonisten. Marianas identitetsprosjekt blir sett på prøve i forhold til eit mylder av krav og forventningar. Men teksten er meir enn ei framstilling av hormon som bruser og uttesting av sosiale relasjonar. Sjølv om den individuelle historia, med ein tydeleg skissert hovudperson, står i sentrum for prosessen, viser romanen mot ei større sosial ramme. Den symbollada komposisjonen sprengjer grensene for ein tradisjonell oppvekstroman ved å skildre kjenslene til unge menneske i møte med ulike verdispørsmål. Ho presenterer ein syntese med vekselverknad på fleire nivå, kjenneteikna av person- og miljøskildringar. Tekstane har eit ulikt preg, delvis som daglegdagse betraktnigar og melankolske tilbakeblikk, delvis som indre monologar, og delvis som hjelp for lesaren. Forteljarstemma opplevast som eit verkemiddel for å fortelje oss kva vi ser eller kvar vi er. I delar av framstillinga er ho også eit uttrykk for kven Mariana er og kva ho tenkjer. Kjensler kan også uttrykkjast gjennom direkte verbale skildringar av enkeltkarakterar (48) (101). Kjønn, klassebakgrunn, seksualitet og utanforskning er nokre tema som blir ramma.

I tillegg til å veksle mellom fortid og notid, følgjer kronologien fleire parallelle trådar. Mariana ryddar i landskapet ved å skrive seg mot eit nullpunkt, for å klargjere ein ny start. Minne har samanheng med det førebuande, ifølgje Rolland Barthes. I innleiinga blir drukningsulykka nemnd, «Maricel drukna på Stemmern» (8) (27). Unge innvandrarbarn har lenge vore ei utsett gruppe på grunn av manglande symjeferdigheiter. Men Redningsselskapets nettsideoversikt (mars 2023) viser at andre grupper i samfunnet har overteke den negative posisjonen, menn over seksti år frekventerer statistikken. Auka fokus mot symjeopplæring i regi av norsk symjeforbund har gitt resultat. Aktuell tematikk i startfasen er også forholdet til eit rettsvern. «Jeg lover deg, wollah koranen kvinnelæpseren læpsa meg på kinnet» (14). Utsegna fungerer som eit frampeik «Nå jeg er sammen med Mu2, Rullemin tør ikke gjøre meg noe» (101). Tematikken løftar perspektivet frå individ- til samfunnsnivå.

Vi kan lese at klassen førebur ei reise til Polen, til Auschwitz, og vidare til Ravensbruck og Berlin i Tyskland. Klassereisa blir eit diskret ledemotiv under heile romanen. På grunn av Eid-markering er det berre åtte elevar igjen i klassen. For å kontekstualisere temaet, andre verdskrigen, vel Solveig å vise filmen *American History X* (1998), «og satte på sjukeste nazifilmen fra USA med en som moset trynet til en svarting på asfalten» (20). I samband med filmen er ordet nazi nemnd. Her står det som eit adjektiv for å fortelje at filmen handlar om nynazistar. Vi finn det tre gonger totalt. Ved eit seinare høve viser uttrykket «til Solveig som vokta gangen som nazi med gul refleksvest og tagga «lærer» på ryggen» (34). Funksjonen er å halde vakt ved ei dør. Det tredje dømet er ei samanlikning. Mu2 har klipt seg, «og heldigvis han ikke så ut som nazi, men wollah han heller ikke så helt bra ut» (46).

Estetikken formidlar samtidig ein meir tradisjonell oppvekstroman med tematisering av ein tenåring si spenning mellom barn og vaksenlivet. I friminuttet går Mariana, Isa og Mu2, som er venn med alle fotballgutane frå tiande, til Svarttjern-Jokeren, medan Dardan-gjengen er barnslege og går på Ravnkolle-Jokeren. Men av og til går Dardan-gjengen også til Svarttjern-Jokeren, slik som det blir her fortalt. «I dag Mu2 og de sto i kø utover butikken, for ikke alle skoleelevene kan gå inn på en gang, fordi alltid noen tæsjer noe fra butikken og Joker-folka står som vakt i døra» (17). Mariana er oppteken av kvar den rimelegaste sjokolademjølka blir seld. Vaksen åtferd, representert av Joker-folka som står vakt i døra, og ungdomsgjengen, folk som stel og har barnlege drikkevanar, blir kontrasterte (17).

Problematikk i form av etiske spørsmål, forskjell på rett og gale, blir fokusert i avsnittet «Tjuven» (64). Mariana blir henta ut frå undervisninga for å gå til Svarttjern skole, da Matias blir skulda for å ha stolte fem mjølkekoboksar med jordbærsmak. Oppgåva hennar er å få broren i tale for å innrømme kva han har gjort, noko ho lykkast med. Men det er inga reservasjonslaus innrømming. Han unnskyldar seg med å seie at alle dei andre også gjer det. Vidare går det fram at læraren kommuniserer både verbalt og ved blikk. Både læraren og Mariana «skjønte hverandre med blikkinga, og konstaterer at jordbær-melka må smake milkshake» (64). Ein samtale om tjuveri, som er tiltenkt ein oppdragande effekt, blir redusert til korleis mjølka smaker ut frå eit forbrukarperspektiv. Episoden poengterer først og fremst ei ansvarsfråskriving frå foreldra. Mariana er sjølv eit barn som møter krav om å vere vaksen før ho eigentleg skal.

Innimellom ein fragmentert tekst med mange ulike tekstkonstruksjonar, finn eg ei hovudhistorie med fleire parallele handlingstrådar. Ei gryande forelsking er i emning. Ho introduserer namnet hans ved hjelp av populærkulturelle framsyningar. Albumet «Sweetest Girl» av Wyclef Jean handlar om korrupsjon, prostitusjon og flyktningleirar. Mu2 har tyrkiske foreldre og flyktningleirar kan vere ein del av fortida deira i ei globaliseringstid. Når ho lyttar til songen verkar det nokre gonger «som om himmelen skal falle ned i hodet mitt og hele verden raser» (17). For å uttrykkje den første forelskinga kunne vi forvente ein song med eit heilt anna innhald. Songvalet blir på den måten ein identitetsmarkør. Ho held blikket fast til avstandsforelskinga. «Men så fra ingenting han bare: Hva er msn-en din? og jeg ble dritrød og det kilte heftig i magen» (18). Adressa Chica_chile_norge@hotmail.com opnar for eit forhold. Ho fortel at når ho kom heim, så var det første ho gjorde å logge seg på pc-en. Men Mu2 var der allereie. Pålogging viser eit kallenamn med rose ved sida av namnet hennar (19).

Framstillinga av seksualiteten til hovudpersonen er både sterk og forsiktig.

Skarangers befolkningsgruppe er heterogen samansett. Det verkar som normalen å ha venner og kjærastar på tvers av ulike grupperingar. For Mariana handlar det om å kjenne landskapet og manøvrere i det. Samtidig som ho viser interesse for den norsk-tyrkiske muslimen, blir rivalane rydda av vegen. Ibra er først ute med varme kjærleiksblikk i klasserommet. Mariana svarer med å beklage seg: «det er dritirriterende, for jeg er ikkje interessert i han» (10). Eit ufint døme frå Stovner på shopping til den syttande mai er slik: «Ibra han toucha rumpa mi» (79). Johnny kommenterer det nyopprettet parforholdet: «Mu2 liker deg, men Mariana, du vet Ibra også skal krike» (94). Rivalen svarer med denne ytringa «jeg skal krike for kjærligheten som fedrene mine kriga for hjemlandet» (103). Den andre kandidaten er Joshua King, som er fotballspelar på Manchester United, og venn med Mu2. Trass i blikkontakt ved ein episode, viser utsegna «og si til alle hvor dum han er» (57), at heller ikkje han er aktuell. Prosjektet blir avgrensa til Mu2, ved at ho «laga plan for hvordan han skal bli keen» (19). Som i eventyret har Mariana også hjelparar. Venninna Esra, hjelper ho med namn på matrettar og korleis gå fram for å ta kontakt via porttelefonen. «Hvis jeg skal bli sammen med Mu2 jeg også burde lære meg litt tyrkisk» (36). I tillegg til praktiske matrettar er blikk og språk viktig for mellommenneskeleg kommunikasjon.

Ein original parallel til kjærlekshistoria er vennskapen hennar med Ruben, som er homoseksuell. Temaet er gjennomgåande, matematikkclærar Frode innrømmer at han er homoseksuell, når han blir konfrontert med spørsmålet (16). Sosiallærar Joakim (97) blir nemnd i same kontekst, ut frå ytre personlegdomstrekk, utan at det lèt seg verken stadfeste

eller avkrefte. «Ruben er ekte potet, men litt chubby så jeg ser han også har potensiale til å kunne wine». Ho tørr å ta grep når han blir utsett for fare. Vennen blir sjikanert av Dardangjengen ved følgjande påstand: «Allah vil brenne deg i helvete, Ruben» (34). Johnny er tiltrekt av Ruben. I staden for å vedkjenne seg kjenslene sine blir han påverka av gutegjengen til å kaste kongler på han som han er forelska i. Det homoseksuelle perspektivet blir stadfestat ut frå episodar i klasserommet, slik som her: «F.eks. en gang Johnny begynte å lage barnestemme i mattetimen og herma etter vikaren når snakka hun, og ingen av oss normale folka lo» (62).

Trass i iherdig innsats blir det stadig vanskelegare for Mariana å klargjere si eiga sjølvforståing. Når politiet kjem på døra, framstår mora «med helt hvit hud og med den store rynka mellom bryna». Her er protagonisten raus og gir mora ei unnskyldning for at ho er lei seg. Deretter viser ho modnad ved å ta ansvar for broren. «Etterpå jeg gikk til rommet for å sjekke Matias» (48). Forholdet til kyrkja, med identitetar skjult av lag på lag av pels, og ei overfylt kyrkje med messer på uforståelege liturgi, viser manglande religiøs tilhørsel (53).

At Mariana er i ein umoden livsfase, går dessutan fram av følgjande utsegn: «I dag jeg krangla med Mathias igjen for han tegna broren vår i fengsel». Matias viser mot ved å gi uttrykk for dei traumatiske opplevingane som han blir utsett for. Han vil gi teikninga til faren når han kjem heim frå jobb. Men Mariana prøver å stele ho, deretter truar ho med å brenne ho. Matias svarer med å springe inn på do der han låser døra. Konversasjonen mellom dei to stressar han slik at det blir problematisk å låse seg ut igjen. Ho tilbyr seg å låse han ut. «Matias send nøkkern under døra, og han gråt og ikke svarte». Etter kvart løyser situasjonen seg delvis. Han kjem ut og gir klem. Ho svarer ved å rufse han i håret samtidig som ho også «taesja tekninga bak ryggen» (69).

Frå den ytre handlinga vekslar vi igjen over til dei indre utviklingsprosjekta hennar. I kapittelet, «Ne-Yo – «Mad»», blir «livet plutselig tristeste novemberdagen selv om det er april». Det blir fortalt at ho, Isa og Ruben blir igjen etter skolen. Denne gongen er døra open inn til klasserommet, slik at dei kan bruke datamaskinene. Dei googlar «angel of death» som handlar om fotballspelaren, som blir besett av ein «djinn» og dør på banen med mange krampar. Når ho kjem heim, er Mu2 pålogga med Fenerbache og fotball «på undernicket», utan å prate. Ho sender «angel of death» til han, men framleis ingen svar. Spenninga blir makert med «hjertet dunka og magen var sommerfugler». Ein dødsengel er eit dårleg utgangspunkt for relasjonsbygging, «til slutt nicket hans bare ble grått og avlogga» (70).

I kontrast til «angel of death» skjer det noko avgjerande nytt ved introduksjon av ein chipperdame frå Vietnam. Den vietnamesiske familien budde tidlegare i etasjen under, og ho kom opp med vårrullar og is. Relasjonen over tid og rom innebar at den norsk-chilenske familien blei invitert i bryllaup da dottera gifta seg. Det blir fortalt at Mariana er på veg heim frå skolen når chipperdama dukkar opp igjen. Ho er akkurat som før «med hvite bøttelua og dialekten også helt fucka med engelskord når som helst». I dialogen går det fram at ho bur med dottera og barnebarn, to gutter, og har byrja på norskundervisninga. Samtalen veksler over til å vise interesse også for Marianas familie. «Chipperdama sto med trillebagen og så opp for svar og jeg ville løpe, men sto likevel og til slutt fant på dårligste løgnen» (71). Vi kan slutte at relasjonen i blokka var prega av omsorg og sosial handling. Dei viktige verdiane ser ut til å verke invalidiserande på hovudpersonen og ein nedtur står for døra. «Jeg har låst meg inne på rommet, orker ikke mer» (72). Ei psykologisk tilnærming viser ei ung jente som arbeider med overgangen frå barn til voksen. Val av retning bestemmer den vidare utviklinga, vekst eller fall, inkludering eller utesetjing. Form og innhald speler saman ved å understreke at det er viktig å gripe kjærleiken når han kryssar hennar veg. Trillebagen står som metafor for den performative effekten av kulturmøte. «Vi kan aldri påberope oss en fast kulturell identitet og en fullkommen språklig og litterær kompetanse» (Refsum 2010, s.88).

Den vidare handlinga set Mariana på prøve. Konflikten eskalerer i tråd med delar av påskebodskapen. Kapittelet med overskrifta «Det skal gå bra» rommar veldig mykje informasjon. Høgtida gir ein pause i forholdet til Mu2. Mange reiser til opphavslandet i ferien, eksempelvis Esra som kjem med ny Gucci-bag, som ho har fått i Tyrkia, når skolen byrjar igjen. Ute går påskeferien «som skli på glattaste isen». Påskeaftan er den lengste messa, som nokon gong er halden, med ein tale som varer i meir enn 40 år. Førtitalet kan vise til Jesu freistung. «Han fastet i førti dager og ført netter og ble til sist sulten» (Matt. 4.2). Det skjedde ein episode med Matias, fordi han teikna på veggen, faren blei sint og mora vaska det vekk med såpe. Dette er noko av årsaka skissert forut for initiativet til mora: «hun var alvorlig humør og settet seg foran meg og stirra lenge, så langt inn i sjela mi og bare: jeg vil gjerne at vi snakker litt sammen, og jeg tenkte: fuck bestemor er død» (73). Mora forstår at Matias vet at broren er i fengsel. Mariana er redd for å få kjeft, «og jeg bare unnskyld for vi har snoka rundt». Den fortrulege samtalen endar i mangel på forståing, lamming og tårer (74).

Eit nytt forsøk på dialog kjem på sjølvaste fridomsdagen, syttande mai, noko som kjem fram her: «og fant ut det var best å si etter middag for da hun alltid er gladest». Men også denne gongen opplever ho at mora ignorerer ho. Men no er ordvalet eit heilt anna. Omslaget er eit

faktum når Mariana seier «din slange hvorfor lyver du» (83). At ein slange periodevis kan krype ut av skinnet og at nokon er giftige, gjer at han har mange ulike betydningar i symbolverda. Som religiøst symbol karakteriserer han klokskapen og listigheit som slangen i Edens hage. I norrøn mytologi representerer Midgardsormen vonde krefter som skulle sleppast laus ved Ragnarok. Morens ignoreringsdynasti står for fall. Marianas første tenåringsforelsking utgjer eit frampeik mot brotet med normsystemet til mora. Forteljinga viser ei utvikling gjennom krise mot ein sikrare identitet, ein prosess der også vaksne kan vere verdifulle hjelparar. Mora har ein støttande funksjon, avstanden mellom dei to er ikkje uoverkommeleg.

I ein alder der det erotiske begjæret blir vekt, skjer det ein heilt normal lausrivingsprosess. Forteljarsituasjonen opnar for eit skifte. Mu2 er bokstaveleg talt på banen igjen. Han inviterer til eit møte, «i mrg det er fotballcup på banen, du burde komme», og «vi kan henge før, hvis du vil» (85). Slik aukar fortrulegheita mellom dei to. Vidare markerer den symbolske fingreflettinga ei form for magi som opnar for eit gjensidig forhold (87).

Den ytre handlinga driv konflikten framover gjennom Marianas subjektive opplevelingar. Ei ytterlegare prolongering skjer ved at fleire handlingstrådar «utvidar augneblinken». Tematisering av kjønnsoverskriding held fram. Rett før storefri oppdagar Solveig at nokon «hadde skrivi Ruben er homo med rød tusj på doen så henne stenget alle inne i friminuttet til fant hun skyldige slangen, men heller ingen ville innrømme» (91). Slangemotivet kjem inn som ei gjentaking. Symbolikken ligg ikkje i listigkeit, heller ikkje i vonde krefter, men meir som eit brot mot regelverket i Koranen. Delkonflikten held spenninga oppe fram mot eit nytt vendepunkt. «Mu2 har snakka til meg på msn de siste dagene på kvelden». «Mamma også har snakka med broren min». Dei skal besøkje han og kanskje han kan komme heim på perm i etterkant. Forholdet til Mu2 står framleis på staden kvil. Utsegna «Alt på skolen er tørreste örkenen» (91), viser at å få seg kjærast krev både tillit og uthald.

Noko avgjerande nytt skjer. I ei pålogga samtid blir dei to saman på MSN, med profilbilete av Mu2, framfor det tyrkiske fotballaget Fenerbahçe, kan Mariana lese: «Vi burde være sammen», samtidig som ho høyrer Beyoncé syngje «Halo» i bakgrunnen som engelen av kjærleik. Storhendinga utløyser ein tåreflaum: «Hjemme det ble bædings». Mora og faren registrerer ikkje hendinga først, men så etter ei stund skjønner mora kva som skjer: «så jeg tror mamma tok den og smilte og prøvde å blunke sexy med det ene øyet, men faila» (94). Med eitt er livet endra for Mariana. Gjennom lausrivingsprosessen vinn ho kjærleik. Ei

avklaring av forholdet under overskrifta «Tyrkisk bryllup» er plassert framfor besøket i fengselet (99).

Høgdepunktet kjem nær slutten. Det skjer ei utfasing av konfliktstoffet. Alvaro har ikkje tatt skade av fengselsopphaldet. Bodskapen er å finne fram til det i ein sjølv som gjer det mogleg å klare seg. Dardans foredrag, der han pirkar i identitetsømme soner hos enkeltelevar, ved å hevde at kvinner er skjøre som vasar, kan vere eit frampeik (55). Deretter følgjer eit hint om «billige» norske jenter på ferie i Tyrkia, og tentamensoppgåve i norsk (88). Vidare skjer det ei klargjering i avsnittet «Sentergutta» (93). «Hvis du først faller ned av den stiga, det blir vanskeligere å komme opp igjen, jeg sa» (93).

«Matias gav tegning av blokka og hele familien, så hele ansiktet til broren min smilte med glede og man kunne kjenne varme i kroppen» (99). Dei gamle einingane, familien, går sigrande ut av romanen. Mariana reagerer med lette når ho får møte den eldste broren i fengselet, kjenneteikna av at «hele kroppen var som letteste fuglen som flyr» (103). Landskapet opnar seg for eiga identitetsutvikling. Akkurat som i eventyret får dei to kvarandre i ein happy ending. Sluttscena markerer ein open slutt.

Handlinga i den siste delen krinsar rundt eksistensielle val som dei unge står overfor. Seksualitet, som motiv, spenner frå seksuell trakassering til instruksjonsvideoar på YouTube. I samband med at Mariana og Isa dreg til Stovner senter for å handle klede i forkant av 17. mai, kan vi lese at

[...] etter sikkert førti tusen år Isa til slutt endet opp med tighteste og mest turkise mamie del flow-kjolen med glitter på puppa, så jeg bare: Isa, sikker på kjolen ikke er for mamie del flow, og Isa bare: nei, den er ikke så trang [...] (79).

Heile Oslo er full av alle sossejentene som har kjøpt dei dyraste bunadene til syttande mai:

[...] og jeg tenkte: wollah, jeg egentlig er ganske glad for vi er de eneste med normale kjoler i byen, selv om selvfølgelig Isa så ut som hore og hadde klæsja et tonn med sminke pluss høyeste skoa i tillegg til turkise kjolen (82).

På idrettsplassen er kroppen, huden, musklar og klede ein del av biletet. Det gjeld begge kjønn:

På fotballbanen det var tiendeklassegutta som spilte fotball, og alle sammen snudde hodene mot Isa for hadde henne på seg mest utringa toppen så kunne man se blondene

fra bhen stikke fram og like stram som slangeskinn. Mu2 hadde oransje fotballgensern som festet litt til musklene og heisa hånda og vinka (101).

Skaranger formidlar den seksuelle spenninga mellom kjønna ut frå klassetilhørsel. Vanlege kjolar på folk frå forstaden blir framheva til fordel for dyre bunadar til sosjejentene frå resten av hovudstaden. Videre gir ho detaljar om korleis det lar seg gjere å tene pengar på seksuelle tenest:

Nytt rykte er spredd på skolen som sier to jenter fra niende fikk gratis pomme frites fra Ali Baba, fordi de flasha for ene kurderen, og om ville de ha stor kebab de også kunne gi blowjob, men Isa sier de ikke gjorde det (101).

Isa meiner at det er ein smart måte å få gratis mat på, «å flashe». Mariana gir følgande svar: «Isa si meg hvor lavt du skal synke, lagela» (101). Frå ein ung og uerfaren ung kvinne går utviklinga i retning av ein moden, erotisk kvinnekarakter. Ho har lært noko av den prosessen, som ho har vore igjennom, og med det har ho tatt eit steg nærmare vaksenlivet. Løysinga på konfliktutviklinga gir Alvaro når han ikkje har tatt skade av fengslinga. Høgdepunktet er utviklinga av tillitsforholdet mellom Mariana og Mu2.

4.4 Kva for funksjon har den språklege utforminga?

Som Khemiri og Shakar skaper Skaranger nye språkformer gjennom romanen og utvidar stilrepertoaret til den norske litteraturen. Den lingvistiske estetikken blir kjenneteikna av ei transnasjonal omforming av eit skandinavisk språk. Lesaren blir vogga inn i eit krydra kebabnorsk frå perm til perm. Det frie litterære språket forsterkar inntrykket av den intime dagbokforma. Stilen og stemninga til går parallelt til tematisk innhald, og leier merksemda mot ein danningsroman.

Eila Rantonen undersøkte Halims språkbruk i Khemiris Eitt øge røtt (2003). Ho uttalte at valet av ein upåliteleg barneforfattar kan ha fordelen av at det kan gi ein «voice to feelings of anger and resistance within the context of a child's innocence and irresponsibility». Sinneutbrot kan vere tillate hos barn, som enno ikkje har lært «the social niceties that curb vitriolic speech» (2013, s.147). Denne formuleringa kan tene som eit døme på det tidlege utviklingstrinnet til forfattaren: «og jeg ble sint og kaller telefondama morraknoller og ber hun hoppe i havet og legge opp» (49).

Ulike grader av norskdom er aktuell tematikk i dagens situasjon. Vi har å gjere med nye språkformer brukt av nordmenn innanfor dei norske grensene. Heile språksystem, som skil seg frå nærliggande system, blir kalla varietetar. «Eit svært vanleg trekk ved fleirspråkleg

kommunikasjon er at fleire ulike varietetar blir brukte innanfor ein og same samtale» (Mæhlum m.fl. 2017, s.48). Dette kallar vi for kodeveksling. Ofte tener kodeveksling fleire formål samtidig. Språkval er meiningsberande og utgjer ein kommunikativ ressurs.

Skarangers eige språk er ein multi-etnolektisk stil. «Etnolektbegrepet blir gjerne knytta til ei bestemt etnisk gruppens variant av et majoritetsspråk, eller til grupper som deler forestillinger om et felles opphav» (Clyne 2000, s. 86, Kulbrandstad 2003, s.12 [2004]). Når vi ønskjer å karakterisere nye måtar å snakke majoritetsspråket på i fleirkulturelle, urbane bymiljø, er omgrepene dels misvisande, da det ikkje inkluderer den heterogene situasjonen som dei nye formene oppstår i. Termen multi-etnolekt er derfor foreslått (Clyne 2000, Quist 2000), der prefikset multi- er med på å understreke dette mangfaldet. Ein term som endar med eit lekt-suffiks, vekkjer konnotasjonar til omgrep som dialekt og sosiolekt, som er med på å antyde at vi har å gjere med ei språkform med ei viss grad av stabilitet, og som kan tilleggjast ein verdi som andre «-lekter» (Quist 2000, s.188 [2008, s49]).

Multietniske stilar blir oppfatta som ei samling språkressursar, som kan inngå i ulike språklege praksisar, blant ei gruppe språkbrukarar. Ein multietnisk stil vil representere ei utviding av eit språkleg repertoar (jf. Quist 2000). Den mest alminnelege opplevinga av språktrekket, er ei feltspesifikk form, som inneber at ein språkleg storleik kan ha høg verdi innanfor eitt felt og samtidig vere vurdert lågt innanfor eit anna.

Språket i romanen har eit knapt og presist preg. Meiningane er tilsynelatande utan ende og blandar store mengder informasjon. Uttrykksforma har noko framførande over seg, ei slags resitering av tekst, eller som det heiter i hiphop-sjangeren, *groove* og *rappeining*, knytt til musikk og songframføring. Den karakteristiske vokale stilen til rappare blir kalla flow. Vi finn vilje til fellesskap innan hiphop som bryt med individualisering og marginalisering. «Globalisering er i stor grad en enveisprosess der begreper og produkter utviklet innenfor en angloamerikansk kultursfære spres til resten av verden» (Språkrådet 2005:14). Allmenn mobilitet vil ikkje seie det same som at det geografiske påverknadsområdet er utan tyding. Gjennom tilpassingar til noko lokalt har hiphopkulturen blitt eit viktig uttrykk for identiteten til unge menneske. Rappare må kunne stå inne for det han rappar om. Slik er det også med romanteksten. Assosiasjonen til kulturen stadfestar det autentiske i perspektiv og betraktnigar som blir framstilte. Tankestraumen etablerer ein særeigen kontakt med lesaren. Grepet har samtidig ein underleggjande funksjon.

Skarangers poetiske røyst stråler i val av rytmiske konstruksjonar. Språkleg sett bidreg metaforane og samanlikningane til humor og ironi. Følgjande døme illustrerer dynamikk i form av dyr, insekt, krypdyr og gnagarar: «Rådyrblikk» (19), «Edderkopper» (44) «Hvem er denne lille slangen» (59) og «Matias er den dummeste rotta i verden» (72). I tillegg blir teksten fylt med populærkulturelle artistar som lettar til gjengelegerha. Sjølv om humoren gjennomsyrar og ber handlinga, er det også rom for mykje alvor. Dømet er frå «Seni seviyorium» som betyr eg elskar deg:

«Først vi spiste litt og så morra til Esra selvfølgelig spørret om kunne ikke vi gå på senteret for hun, og etterpå henne sa til Esra hun skal lære oss tyrkisk fingerbørek, så vi gikk ned til senteret og kjøpte bleier og tomater. På veien vi selvfølgelig møtte Dardan-gjengen, som jeg sverger er limt inni veggen til senteret for alltid de er der, men jeg og Esra ignorerte og ikke tenkte å hilse og Ibra bare: skal dere på butikken igjen, og jeg og Esra fremdeles ignorerte, og så han ropte etter oss: feite jævler, morraknoller og pænjod, og Esra ble heftig pissed, jeg kunne se, for alltid det kommer rynke i panna huns, og hun bare: når du møter flodhestene i Somalia Ibra, de synger «We are family»!!! og Ibra ble helt stille, nesten det så ut som han ble såra, for ikke han svarte, wollah det aldri har skjedd før, så vi gikk hjem igjen med stolteste hodene som Napoleon og lærte tyrkisk fingerbørek» (36).

Språket følgjer rytmen til talespråket, nesten fonetisk transkribert. Først et dei, deretter får dei spørsmål om å gå på senteret for å kjøpe inn aktuelle varer. Sitatet over følgjer deretter denne kronologien som løper gjennom teksten: 1. møtet med Dardan-gjengen, 2. ei skildring av at dei alltid er der, 3. Marianas og Esra reaksjon, 4. Ibras spørsmål, 5. Esra reaksjon, 6. ein beskrivande kommentar på Esra, 7. Esra replikk, 8. ein beskrivande kommentar på Ibras reaksjon, 9. vegen tilbake heim og 10. fortsettjing på den introduserte aktiviteten.

Romanen er ei førstepersonforteljing som bryt med fleire grunnleggjande konvensjonar. Den multietniske stilens blir kjenneteikna av manglande inversjon. Norsk er eit såkalla V2-språk. Det vil seie at det finitte verbet kommer på andre plass i deklarative setningar. Den tradisjonelle strukturen topikalisiert element (X), verb (V), subjekt (S) er skifta ut med ein XSV-struktur (topikalisiert element, subjekt og verb) som i følgjande ytringar, «for alltid det kom rynke i panna huns» og «for ikkje han svarte». Vi finn innleiande topikaliserte setningar, t.d. [...] «når broren min kom og ringet på døra, vi åpna» med XSV- struktur (7). Objekt og subjekt byter plass i setninga. Artiklar er utelatne. Andre særtrekk er avvikande plassering av «ikkje» og svak böying av sterke verb, «fortsettet å se på bakken» (26). Adverbet, «berre»,

med namnet eller pronomenet til talaren forut, signaliserer ein direkte diskurs. «Ikke sant» høyrer vi ofte i sosiolekten, som språket imiterer, men her berre ein gong.

Typiske særtrekk er innlån av ord frå språk som opphavleg snakkast av ikkje vestlege innvandrargrupper. Arabiske ord er inkludert eller omsett til norsk, til dømes *inshallah*, det vil seie *om Gud vil*. Det er ikkje berre det leksikalske nivået som er ramma av språk og kulturmøte. Interaksjonelle funksjonar er utvikla i samtalar. I tilfelle av *inshallah* og *wollah* kan vi tenkje oss at ved Gud-betydninga har tredd i bakgrunnen til fordel for sverje-betydninga. Eit nytt betydningsaspekt, dei heilage skriftene, blir i staden bringa inn. *Wollah* ser ut til å fylle ei rekke funksjonar som er meir eller mindre knytt til det religiøse innhaldet. Vi finn *wollah* brukt som ein diskursmarkør, ein forstekningsmarkør og som intonasjon for å markere forskjell på spørsmål og svar. Dessutan blir engelske ord blanda uanstrengt inn i teksten, til dømes *we are family*.

Vi kan tidfeste kebabnorsk til 1990-åra, før dei store kulla av andregenerasjons-innvandrarar nådde ungdomsskulealder. Slangomgrep er av nyare dato. Det «kan kobles til bevisste språklige avvik fra det normale eller forventede, og tjene en ekspressiv funksjon» (Hårstad, Opsahl 2013, kap. 2). I all slang er det mange grove ord og banneord. Slang-ord finst i sitatet «feite jævler, morraknoller og pænjod». Kjenneteikn ved ungdomsspråket er hyperbolar, det vil seie noko er større og viktigare enn det er belegg for, og idiom, det vil seie uttrykk brukt av folk frå eit distrikt, og sjølvsagt metaforane. Idiomet «er limt inni veggen til senteret for alltid de er der», har noko for seg ut frå geografisk samanheng.

Skiljeteikn er normavvikande og minner om språket på internett, ved gjenteken bruk av utropsteikn, slik som her: «*we are family!!!*» eller «*det var blod!!!!!!*» (76). Lydhermande interjeksjonar finst som «og alle berre «åååååååå»» (77). Når vi lyttar til fleirkulturelle ungdomsgrupper, spring det ein raskt i øyret, ein særeigen prosodi. Ei nemning frå musikkvitkappen kan vere dekkjande, stakkato. Midt i den fragmentariske strukturen dukkar det opp poetiske uttrykk: «dissa opp i skyene» (10), «jeg kjente usikkerheten i blodet» (14) og «som flammekastere og fyrverkeri skytet opp i himmern» (77). Språket blir dynamisk og figurleg.

I kontrast til det nyskapande poetiske uttrykket nyttar Skaranger eit rått tilhogge innvandrarspråk. Det er snakk om seksuelle slanguttrykk, «*homo*», «*bøsse*», «*morraknoller*», «*bitch*», «*hore*», «*feite jævelen*» og «*læpse trynet*». Hun kommuniserer ved å signalisere tilhørsle i ungdomskulturen. Språket blir ein identitetsmarkør. Ordvalet må ein ikkje ta

bokstaveleg. Når Mu2 spør om å få låne to kroner, svarer Mariana «fuck off». Uttrykk for ømheit, kjensler og kjærleik ligg utanfor vokabularet. Situasjonen er ein annan når han like etter spør etter msn-adressa. Ho uttrykkje ei kjensle av eufori i notatboka (18). Slanguttrykk og fornærmingar er ein vanleg måte å uttrykkje seg på, influert av reality-tv-programmet Yo mama (MTV, 2006). Vinnaren i tornespillet er den deltakaren som klarer å forulempe motparten mest.

Språkbruken kan også signalisere eit maktforhold. Pierre Bourdieu er ein fransk sosiolog og antropolog, som hentar omgrep frå økonomien for å vise korleis sosiale aktørar utøver makt gjennom den språklege praksisen sin. Han ser for seg ein lingvistisk økonomi, der språkkompetanse fungerer som ein kapital i høve til ein marknad. Dei språklege ressursane blir sett på som varer, med ein spesifikk verdi, som er tilgjengelege for investering og handel. (Bourdieu 1991, s. 72, sitert i Hårstad og Opsahl 2013, s. 11).

Språklege storleikar har verdi i tornespillet, etter modell av Yo mama på tv. Isa og Ibra møtast til duell. Utan noka årsak forulempar de mødrene sine under overskrifta «En vanlig dag»:

[...] og Isa bare: morra di er feit Ibra, hopp i havet, og Ibra bare til Isa fordi morra huns er norsklærer ikke sant: morra di knuller kurderelevene sine, og så Isa bæda totalt, hun dissa Ibra heftig opp i skyene og bare: kjeften din Ibra, morra mi lærte morra di norsk, Allah tæsja han ass, [...] (10).

Mariana bestemmer at Allah forstyrrar Ibra kraftig. Isa går sigrande ut av tornespillet, fordi mora underviser mora til Ibra i norsk. Språkkunnskapane er det ultimate argumentet for å vinne duellen. Språkbruken indikerer sosial, kulturell distanse.

Mariana viser språkleg medvit ved å nyansere språkbruken i samtalet med faren. Ho viser evne til å utnytte verdien i språkmekanismane til sin fordel, til å trekke ut det som språkleg sett verdsetjast (Bourdieu 1993; 80). Manglande ferdigheter i norsk er utgangspunktet for å mobbe faren. Språkføring indikerer sosial, kulturell distanse. Dessutan må vi legge til bruk av makt med fare for ekskludering.

Faren er i ein stressa familiesituasjon da han ventar gjester frå asylmottaket. Han har opna vinen, laga ris, poteteter og tomatar. For å unngå at gjestene må hoppe bukk over smykka som ligg utover entregolv, ber han dottera om å rydde opp: «Hvorfor du har legget sminskene dine midt på gangen». Mothogget er farga av ironi. Ho bryt med grammatikken. Verbet er

flytta fram framfor subjektet i den siste delen av utsegna, «det heter smykker og ikke sminsker [...] lær deg norsk før kommer du til Norge» (9).

På eit seinare tidspunkt i handlinga bruker Mariana språkargumentet opp mot ei yttergrense. Medvetent på eigne språkferdigheiter, utfordrar ho han ved å seie at ho vil konvertere til islam. Ut frå hennar vurdering så reagerer han ikkje ordentleg, ettersom han tek det for roleg. Deretter legg ho til at ho er forelska i Mu2. Faren reagerer omgåande, «begynner å snakke spansk og stokke på orda», noko som er det ho forventar. Ho konkluderer med at han «føkkings høres ut som norsk fordypningsgruppa». Frustrasjonen blir markert verbalt ved utsegnene, «tulling i hodet», «hjernevaska», «begynne med burka», «endre navnet til Mariam» og deretter fysisk, «kaster sekken til Matias i veggen». Poengtering av eigne språkferdigheiter i forhold til faren er ikkje berre ansiktstruande eller negativt motivert. Både far og dotter er tent med ei endring i situasjonen. At blod er tjukkare enn vatn viser følgande ytring, «jeg ser ut som albaner» (30). Relasjonen til dottera kvalifiserer framleis for ei framtid i Noreg.

Bruk av multi-etnolekt er ikkje nødvendigvis eit uttrykk for manglande kompetanse i norsk. Det ligg ein motivasjon i å høyre til ei gruppe, det vil si å skape eit skilje mellom «oss» og «dei». Både ungdom med minoritets- og majoritetsbakgrunn bruker denne og andre varietatar i visse samanhengar (jf. Kotsinas 1990, 1994, Quist 2005, Svendsen & Røyneland 2008). Den multi-etniske talestilen er berre ein del av det språklege repertoaret som dei unge meistrar.

Førestillinga om Vestens Andre fekk noko å seie for omtalen av språklege stereotypiar (Bhabha 1983). Dei blir definerte som generaliserte og konvensjonaliserte oppfatningar av ulike språklege former eller måtar å snakke på (Agda 2007). Bhabha understrekar at stereotypiane må gjentakast jamt og trutt. Dei kan ikkje stadfestast på nokon annan måte.

Binære opposisjonar er sentrale nøklar inn til våre oppfatningar. Døme er norsk versus innvandrar, minoritet versus majoritet og kebabnorsk versus eit anteke homogent «norsk» språk. I Kebabnorskdebatten (2009) vart ungdom med innvandrarbakgrunn posisjonert som dei etnisk Andre, med negative eigenskapar i forhold til språk og arbeidsliv. Svendsen påpeikar at «sosiale grupper blir konstruerte som homogene, avgrensa storleikar, som bidreg til å (reie)produsere språklege sosiale forskjellar». Konsekvensen blir at det er ein forskjell mellom eit førestilt «oss» og «dei». På ein alternativt lingvistisk marknad kan vi vere vitne til identitetsforhandlingar der stereotypiske førestillingar om innvandrarar og dei framande kan utnyttast som eit ledd i statusetablering med det formålet å sørge for tryggleik og samhald

(Hårstad, Opsahl 2013, s. 116). Lojalitet til gruppa er eit viktig trekk ved språkbruken. Språkideologiske forhandlingar er kopla til vurdering og destinasjonsarbeid (Svendsen 2014, s. 36). Partane utfordrar grensene for kva som kan aksepterast som «norsk», og kven som inngår i det store norske fellesskapet.

4.5 Oppsummerande drøfting av tematikk og svar på problemstillinga

Karakterane er «muslimar», «gulingar», «somaliarar», «poteter» og etniske nordmenn. Vi møter ei samansetning av tyrkiske, vietnamesiske, indiske og norske referansar, med positive opplevingar knytte til ungdomstida. Skolen arrangerer fleire prosjekt der elevane bidreg. Juleballet er for tiande klassane, men åttande kan servere, og tene pengar til dei skal reise til Polen i niande (31): «Jennifer egentlig henne går i niende, men er lærer på dans i internasjonal uke» (39). Vidare samlar «Dutty Wine» både elevar og foreldre til danseoppvisninga (39). Tornespill i midttimen, i samlingssalen, fotballturneringar, «privat cup som idretten og klubben hadde laga» (87), eller «Romsåscup» (66) er andre døme på aktivitetar som skaper eit godt miljø.

Solveig er ein dyktig lærar, ein stabil og viktig faktor i kvardagen, sjølv om den kollegiale støtta er mangefull. Stadig nye vikarar blir presenterte. Ho bidreg sjølv til tilsetjing av Frode. Dei er vennar, men vennskapen er ikkje sterkt nok til at han blir verande i jobben, «Frode ikke gidder å komme til skolen igjen». «Paddelars-bamsen som Frode hadde med for my most beloved ting» ble «tæppa for sakkosekkuler og bare: stikk Paddelars i rasen din jævla gaylord» (16). Portretta av Frode, Ruben, Johnny og Joakim får fram homoseksualitet som tema. Den som overskrid dei hegemoniske kjønnsnormene står i ei nærmast uunngåeleg spenning mellom skam og mindreverd på ei side og trongen til sjølvrealisering på den andre. Temaet, belyst i litteraturen, har blitt stadig tydelegare frå 1960-tallet og fram mot vår tid. Homoseksualitet er ikkje ukomplisert i forhold til norsk lovverk.

Solveig dreg med klassen til Oslo sentrum for å intervju representantar frå dei politiske partia. Elevane er fordelt i grupper ut frå politiske parti. Mariana er på Høyre. De har allereie klippa logoen for å lime på plakaten. «Ibra gikk bort til et hvitingsparti på Karl Johan og spørret noen spørsmål og de bare: alle utlendinger må ut, alle utlendinger er terrorister i Afghanistan» (15). Solveig viser mot og hindrar sjikanen. Det var inga enkel oppgåve, «men hun også beherska seg litt». Episoden blir karakterisert som «lættis», det vil si latterkrampe, til tross for at Ibra opplever ubehag, da det ikkje er mogeleg å forsøre seg. Skaranger vender blikket mot Erna Solberg, statsminister i åtte år, i perioden 2013-2021, som også var til stades i boden, med fornedorande allusjonar til kroppen og generøse matvanar. Det skjer likevel ingen

kritikk av politikare og det politiske hierarkiet. Ibra spytta nesten på skoa «til schtøgge poteten». Solveig gjer motstand mot dei frontale provokasjonane. Avsnittet sluttar med at elevane stiller spørsmål i tråd med besøket i sentrum.

Temaet dukkar opp igjen når klassen ser på filmen, Hamsund, av Jan Torell. Ei tilsvarande skildring finn vi når «Dardan-gjengen bæda på schtøgge barten hans og ropte Hitler hvert femte minutt resten av filmen» (95). Gjentaking av mustasjmotivet i begge avsnitt gjer nynazistar til mål. Denne delen av Noregs arv og historie ser ut til å vere kjenslevar. Dardan-gjengen vågar å tøyse, de roper Hitler. Mariana er mest oppteken av at timen skal ta slutt slik at ho kan treffe Mu2 i friminuttet. Temaet rører ved det kollektive minnesarbeidet etter andre verdskrigen. Solveig, som representerer nasjonalromantikk, er ekstra sint. Gjennom å presentere emnet utan den vanlege respekten, oppstår ei spenning. Distansen til emnet i kombinasjon med at det stadig er ein del av handlinga, problematiserer det å høyre til i nasjonen og aktualiserer tittelen som generaliserer utlendingar med lukka gardin.

Teksten går imot mimicry, det vil si å late som vi held med, samtidig som vi håner den som vi hermer. Mariana, Ibra og Dardan-gjengen viser ingen nazisympati. De tar tvert imot avstand. På den måten klandrar de systemet, men avviser det ikkje.

I avsnittet under overskrifta «Illuminati 1» fortel Masood at «djinnen, nesten er på overflaten og snart han vil komme over vann for å gjenoppstå og skal krig mot profetene, både Jesus og Muhammed» (56). Djinn betyr å göyme bort og er knytt til ein røykfri ildsflamme-simoon (Koranen 55;15,15). Tematikken er mesalliansar, ei blanding av religion, fantasy og hip hop-verda. Her blir eit potpurri presentert av religionar, folketry, symbol, idol, eventyr og legender. Masood vender seg til Mariana ved å presentere katolikkar og muslimar som minoritetar på eit lågare nivå enn den kristne lutherske kyrkja som er på topp. Nedst på rangstigen er nonteistiske religionar. Det er ein skremmande bodskap om utveljing, helvete og dommedag han skisserer. Men Mariana reagerer med tillit til vennen. Ho viser til Tolkien og er klar for å lage film innan fantasy-sjangeren.

I avsnittet Illuminati 2 kan vi lese, «På skolen i dag Masood skulle ha siste foredraget om ting som betyr mye og derfor han hadde tatt med hele koranen og leste». «La, etterpå folk blir gira», og klassen ønskjer å lage bønn i timen, noko som Solveig går inn og stoppar. Ho «sa det var nok og sa Masood kunne gå til plassen sin hvis ikke hadde han noe mer å si».

Så like gjerne Masood også la på nesten samme historie som forrige gang om at det er en djinn som heter Dajjal som er djevel og skal komme tilbake mellom Syria og Iran».

«Alle tar illuminati-tegnet og tiltrekkes av kraften, og når kommer Dajjal, han skal reise rundt og tiltrekke folk til falskheten, men han skal ikke komme til Mekka og Medina for de riktige profetene skal passe på, og de riktige muslimene og kristne og katolikkene skal slutte seg til profetenes side, mens synderne skal gå til Dajjal (81).

Mariana behandler religion som ein slags magisk/fantastisk kraft. Masood gir sakleg informasjon om mesalliansar, noko som tonar ned motsetningar og gir eit nøkternt inntrykk.

Elevane bruker identitet knytt opp mot religion, etnisitet eller nasjonalitet for å markere seg i klassen. Kvart år er det minnestund for drukningsulykka av Maricel. Alle jentene grin for at gutane i tiande skal leggje merke til dei. Det handlar om merksemd, meir enn om sorg. På same måte prøver elevane å profilere seg i forhold til kvarandre.

Dardan-gjengen går aldri heim etter skolen (10). Dei er stadig på farten for å ha kontroll. Det er ikkje berre merksemd Dardan prøver å oppnå når skuledagen forandrar seg frå skyfri himmel til tredje verdskrig. Andre krefter blir også sette i spel. Under overskrifta «Asylmottak» kan vi lese:

[...] og Ibra bare: det står Allah på det, og Nora bare: så hvis jeg tegner en strekmann så er det Muhammed da? For å si tilbake ikke sant, og det var da tredje verdenskrig begynte, for etterpå vi gikk i friminutt, og da alle muslimgutta, wollah, hele asylmottaket stillet seg i ring rundt og nesten skulle banke hun, og bare racist !!!!! det så helt ut som krigssone, nesten de kunne begynt å steine Nora. Og så helt fra himmelen Dardan kom inn i ringen og bare: gutta dette har vært en stor misforståelse [...] Dardan har sin egen lille b-gjengen, ringen ble oppløst i løseste lufta og folk stakk» (29).

Dardan og Masood blir viktige brubyggjarar mellom muslimsk kultur og det norske samfunnet: «Etter skolen Nora var drittredd og måtte få faren til å hente, og nå jeg ikke vet hva som skjer ass,» (29). Begge representerer ein maktfaktor i miljøet. Ved hjelp av elevmedverknad utgjer dei ein viktig resurs og skaper eit godt klassemiljø. Masood kjenner islam innanfrå. Han har erfaring og engasjement. Dardan har kunnskapar om verdssituasjonen og karikaturstriden i 2006 i kombinasjon med forelsking i Nora (29). Begge opnar opp for forteljingar som bidreg til å vise fram dei kulturelle forskjellane. At elevane kan utforske ulike moglege identitetsbilete, skaper trivsel i klassen, på tvers av trinn, blant lærarar, andre tilsette og heile skulesamfunnet.

Mariana har norsk mor, noko som kvalifiserer for definisjonen norsk. Dei etnografiske skildringane av leilegheita underbyggjer dei kulturelle forskjellane. Mariana bur i «eit rotete hus» med liten TV og opne gardiner. Huset til Mu2 var typisk for alle tyrkarar med lukka gardiner med blonder, svær TV, stort kjøkken og bilet av Mu2 som barn. I det gambiske huset til Bebi J. har dei gullsofa, gull-TV og bilet av familien med alle damene med store afrikanske hattar og lukka gardiner i gull (s. 86). Forskjellen mellom dei muslimske husa til Mu2 og Bebi J. er dei gambiske fotografiene av damene i familien. Tekstutdraget gir tittelen rett i at alle utlendingar har lukka gardiner. Den komparative lesnaden stiller den norske kulturen på linje med dei andre, like framand eller like kjent. Ved migrasjon oppstår nye forteljingar i den homogene nasjonen som viser og viskar ut grensene. Bhabha vektlegg mot-forteljingar. Dei lukka gardinene verkar som eit symbolsk hinder for full assimilasjon på premissane i majoritetssamfunnet. Alvaro «blikka meg heftig, opp og ned, fra skoa til ansiktet, som om var jeg den største rotta, og bare: fordi de ikke vil noen skal vite hva som skjer hjemme i huset vel» (s. 102) Medlemmer av diasporaen må sjølv velje kva dei vil opne opp for (Vold 2019, s. 324).

Graden av norskdom avgjer kven som kjem på danseoppvisninga: «Alle foreldra til oss norskingene kom, og så noen afrikanere for de også er mer norske, og noen utlendinger som prøver å bli potet». De kulturelle forskjellane har positive konnotasjoner. Den chilenske faren er en inspirator for klassen og skolemiljøet. Mora støttar og opp om dottera. Ho «viste største gliset og hadde farga håret så hun så ut som verste auberginen». Ut frå denne ytringa er faren også ein ressurs, «nesten pappa grein av lettis» (41).

Når det gjeld funn i analysen, kan vi seie at språket ikkje kan seiast å vere autentisk. Det er heller ikkje representativt for bruken i fleirspråklege byrom.

Eg har ei didaktisk tilnærming til fagområdet. Læreplanane viser ei utvikling frå ein individuell-, til kollektiv-, og meir nasjonal identitet fram mot sosiokulturelle perspektiv med verdsetjing av kommunikasjon og samhandling. Behovet for å markere ein eigen gruppodynamikk, skilje «oss» frå «dei» heng saman med framveksten av multi-etnolektiske språkstilar. Språkbruken er rytmisk og skapar undring. Bruk av multi-etnolekt bidreg til å løfte området som boka fortel om, i det litterære landskapet. Det kan dessutan vere positivt ut frå eit forbrukarperspektiv, og formidling i skolen. Å idealisere eit halvarabisk pøbelspråk vil vere feil. Mange ungdomar manglar språklege ressursar til å ta seg fram i skolekvardagen. Utviklingstendensane er uunngåelege når «en hel masse kulturer blir splætta til en greie liksom».

Det er viktig for lærarar å legge til rette for eit breitt og variert tilbod, i utval av litteratur og språkleg samhandling. Romanen er eit uttrykk for berekraft. Han kan engasjere både ungdom og vaksne, alle lag av samfunnslivet. Eg har støtta meg på teoriane til Bhabha om det hybride uttrykket, ambivalens og mimicry for å svare på problemstillinga. Randsona har vore sentral for å vise kva som skjer når kulturar kjem i møte. Den enkelte må stadig erobre identiteten. Han blir til diskursivt gjennom tekstar som viser fram de kulturelle forskjellane. Boka er på den måten eit godt eksempel. Ho viser fram ulike spenningar og motsetnader. Lesaren kan utforske ulike mogelege identitetsbilde. Samansetning av kulturelle impulsar har positive konnotasjonar i romanen. Eg finn ikkje rasisme eller utanforskap. Frå eit samfunnsperspektiv vil det vere mykje å hente ved ressursbruk på språkopplæring for vaksne.

5.0 Litteraturliste

- Andersen, P.T.A., Mose, G. & Norheim T. (Red.). (2012). *Litterær analyse. En innføring.* Oslo: Pax Forlag.
- Bhabha, H.K. (1988). Cultural Diversity and Cultural Differences. I B. Ashcroft, G. Griffiths, G. Tiffin (Red.), *The postcolonial studies reader* (2. utg., s. 206-209). London and New York: Routledge
- Bhabha, Homi K. 1994. *The Location of Culture*. London and New York: Routledge, 1994.
- Claudi, M. C. (2017). *Litteraturteori*. (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Fanon, F. (1997). *Svart hud, vita masker* (S. Jordebrandt, Overs.). Göteborg: Bokförlaget Daidalos AB. (Opprinnelig utgitt 1952).
- Fanon, F. (2002). *Jordens fordømte* (A. Amlie, Overs.). Oslo: Bokklubbens kulturbibliotek. (Opprinnelig utgitt 1961).
- Fosshagen, K. (2019). Orientalismen. Henta frå <https://snl.no/orientalisme> [15.1.2021]
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (30. august 2022) *Demografi*. <https://www.imdi.no/om-integrering-i-norge/indikatorer-for-integrering-2022/befolkingen-med-innvandrerbakgrunn-i-norge/> [8.10.2022]
- Hårstad, Stian og Toril Opsahl. (2013) Språk i byen? Utviklingstendenser i urbane språkmiljøer i Norge, s. 107–144. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kiil, H. & Tønnessen E. S. (2013). Dagens Rødhette i en flerkulturell kontekst – mulighet for en ny identitet?. Henta frå: [AURA: Dagens Rødhette i en flerkulturell kontekst – mulighet for en ny identitet? \(unit.no\)](https://unit.no/AURA-Dagens-Rødhette-i-en-flerkulturell-kontekst--mulighet-for-en-ny-identitet-.html) [8.1.2021]
- Leraand, D. (2020, 3. mars). Franz Fanon. I *Store norske leksikon*. Henta frå https://snl.no/Frantz_Fanon [?]
- Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. & Sandøy, H. (2017). *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Cappelen Damm.
- Nilstun, C. (2019). deduksjon. Henta frå: [deduksjon – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no/deduksjon---Store-norske-leksikon-(snl.no)) [3.3.2023]
- Norheim, M. (2019). Wollah, for eit språk! Henta frå [Anmeldelse: «Alle utlendinger har lukka gardiner» av Maria Navarro Skaranger – NRK Kultur og underholdning](https://www.nrk.no/kultur/anmeldelse-alle-utlendinger-har-lukka-gardiner-1.1034010) [03.05.2023]
- Said, E. W. (2018). *Orientalismen. Vestlige oppfatninger av Orienten* (1.utg.). Oslo: Cappelen Damm.
- Skaranger, M. N. (2015). *Alle utlendinger har lukka gardiner: roman*. Forlaget Oktober.
- Skaret, A. (2006). Flerkulturell barne- og ungdomslitteratur i Norge. Årboka. *Litteratur for barn og unge 2006*.
- Slettan, S. (2020). Introduksjon. Om ungdomslitteratur. I S. Slettan (Red.), *Ungdomslitteratur – ei innføring* (s. 9-27). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Sollid, H. (2019). Språklig mangfold som språkpolitikk i klasserommet. *Målstryting 10*

(2019): 1–21. <https://doi.org/10.7557/17.4807> [?]

Spivak, G. (1999). *A Critique of Postcolonial Reason: Toward a History of the Vanishing Present*. Cambridge: Harvard University Press.

Statistisk Sentralbyrå (7. mars 2022). *Innvandrere og norskfødte med innvanderforeldre*. <https://www.ssb.no/befolkningsinnvandrere/statistikk/innvandrere-og-norskfodte-med-innvanderforeldre> [8.10.2022]

Statistisk Sentralbyrå (2. mars 2017).

<https://www.ssb.no/befolkningsstatistikker/innvbef/aar/2017-03-02>. [8.10.2022]

Steinkellner, A. (2022, 7. mars). *Innvandrere og barna deres teller nå over en million*. <https://www.ssb.no/befolkningsinnvandrere/statistikk/innvandrere-og-norskfodte-med-innvanderforeldre/artikler/innvandrere-og-barna-deres-teller-na-over-en-million> [8.10.2022]

Svensen, Å. (2001). *Å bygge en verden av ord: Lyst og læring i barne- og ungdomslitteratur*.

Bergen: Fagbokforlaget.

Tranøy, K. E. (2021). induksjon (filosofi). Henta frå: [induksjon – filosofi – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no/induksjon-filosofi-store-norske-leksikon-snl-no) [3.5.2023]

Vold, T. (2019). *Å LESE VERDEN. Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og økokritikk*. Oslo: Universitetsforlaget.